Studieforbundet kultur og tradisjon
Vågå Næringshage
2680 Vågå
tlf 61 21 77 50
post@kulturogtradisjon.no
www.kulturogtradisjon.no

Til medlemsorganisasjonane og organisasjonar med samarbeidsavtale

**Innkalling til årsmøtet i Studieforbundet kultur og tradisjon**
**30 mai 2018 kl 09.30-13.00 og påfølgjande Framtidsseminar kl 13-15.00**

Årsmøtet blir lagt til Felix konferansesenter, Aker Brygge i Oslo. Adresse Bryggetorget 3. Vi gjer merksam på Framtidsseminaret som blir arrangert i samband med årsmøtet. Om vi ikkje får anna melding blir alle årsmøtedelegatane også påmeldt seminaret.

Sakliste:

1. Opning og konstituering
2. Årsmelding 2017
3. Rekneskap 2017
4. Budsjett 2019
5. Medlemskap
6. Val

Røysrett;

| | Kurstimar | Røyst/ar |
|---|---|---|
| Folkeakademienes Landsforbund | 1.095 | 1 |
| Forbundet KYSTEN | 5.059 | 2 |
| Frilynt Norge | 27.212 | 4 |
| Hålogaland amatørteaterselskap, HATS | 3.672 | 1 |
| Kringkastingsringen | 0 | 1 |
| Landslaget for Lokalhistorie | 491 | 1 |
| Noregs Mållag | 156 | 1 |
| Noregs Ungdomslag | 16.154 | 4 |
| Norges Husflidslag | 65.226 | 9 |
| Norsk amatørteaterforbund | 10.264 | 2 |
| Norsk målungdom | 0 | 1 |
| Norsk Quilteforbund | 681 | 1 |
| Seniordans Norge | 25.482 | 4 |
| Slekt og data | 847 | 1 |
| Norsk Kulturarv | 1.667 | 1 |
| Vestlandske teatersenter | 603 | 1 |

Medlemsorganisasjonane har røysterett etter denne nøkkelen;

| | | | |
|---|---|---|---|
| 0 | - | 5.000 | 1 røyst |
| 5.001 | - | 15.000 | 2 røystar |
| 15.001 | - | 30.000 | 4 røystar |
| 30.001 | - | 45.000 | 6 røystar |
| 45.001 | - | | 9 røystar |

Organisasjonar med samarbeidsavtale kan møte som observatørar.
Påmeldingsfrist er 22. mai 2018 til post@kulturogtradisjon.no

Vågå 02.05.2018

Med beste helsing
Studieforbundet kultur og tradisjon

Eli Ulvestad /s/
Styreleiar

Kjærsti Gangsø
Dagleg leiar

***Om Framtidsseminaret:***
*"Er det mogleg å forske på det som enda ikkje har skjedd?" spør Erik F. Øverland. Om det har han skrive doktorgrad. Erik var i si tid leiar for regjeringas prosjekt Norge 2030, og var redaktør for boka med same namn. Prosjektet fekk stor merksemd internasjonalt og plasserte Noreg på det internasjonale scenariokartet. Kven kan vel betre vere rusta til å sjå inn i glasskula og tenke kloke tankar om framtidas kompetansebehov saman med oss?*

*Strategisk framsynsleiing i usikre tider.*
*Vil frivillige organisasjonar og studieforbund spele ei rolle, og korleis vil opplæringa arte seg? Vil måten vi tilbyr opplæring på, og innhaldet, vere etterspurt og ha relevans på lang sikt? Vil folkeopplysingsperspektivet og særtrekket i kurs og opplæringsform med overføring av kunnskap mellom menneske (lærar og deltakar) gjennom praktisk prøving og feiling bli teke vare på og kunne utviklast?*

*Eller vil alt sjå heilt annleis ut?*

*Vi legg opp til paneldebatt etter foredraget, med personer som på ulik måte er tilknytt opplæring i dei frivillige organisasjonane.*
*Anders Fremming Anderssen frå Kompetanse Norge kjem.*
*Stian Slotterøy Johnsen frå Frivillighet Norge kjem.*
*Og det blir med fleir – oppdatering kjem på arrangementet på facebook.*

# Sak 1 Opning og konstituering

## a) Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak

Innkalling og sakliste blir godkjent

## b) Val av møteleiar, referent, tellekorps og to til å signere protokoll

Framlegg til vedtak

| | |
|---|---|
| Møteleiar | Eli Ulvestad |
| Referent | Bjørg Schultz |
| Tellekorps | Kontoret |
| To til å signere protokoll | blir vald av delagatane |

# Sak 2 Årsmelding 2017

Vedlegg; Årsmelding 2017

Saka blir lagt fram av nestleiar Solveig Torgersen Grinder

Framlegg til vedtak

Styret sitt framlegg til Årsmelding 2017 blir godkjent

# Sak 3 Rekneskap 2017

Vedlegg; Rekneskap og balanse 2017

Saka blir lagt fram av dagleg leiar Kjærsti Gangsø

Studieforbundet har pr 31.12.2017 ein eigenkapital på kr 1.533.643. Overskot 2017 på kr 108.539 er medrekna. I 2016 hadde Studieforbundet eit underskot på kr -225.589. Om ein ser Studieforbundet si økonomiske stode over tid vil ein sjå at det tidvis er pluss og tidvis er minus på årsrekneskapen. Å planleggje kursutbetaling kan vere krevjande. Nokre år må det vere venteliste, andre år blir ikkje heile potten brukt opp. Styret meiner det er viktig å ha ein eigenkapital som gjer det mogleg med satsingar, å kunne utbetale auke i kurstilskot og å gjennomføre endringar utan for stor økonomisk risiko. Omlegging av tilskotssystem frå Staten kan og` gje nokre verknader som krev at Studieforbundet har økonomi i ein overgangsfase. I 2018 har styret revidert budsjettet og lagt opp til underskott for å kunne auke tilskottssatsen frå 90,- til 95,- for time med lærar. Med det som bakgrunn legg styret det fram eit rekneskapen for 2017

Framlegg til vedtak

Rekneskap 2017 med eit overskot på kr 108.539 blir godkjent. Overskotet blir lagt til eigenkapitalen.

# Sak 4 Budsjett 2019

Vedlegg; Framlegg til budsjett 2019

Saka blir lagt fram av dagleg leiar Kjærsti Gangsø

Framlegg til budsjett byggjer på dei føresetnadane som er kjente pr mai 2017. Det legg til grunn av tilskot frå Staten blir prisjustert, at det blir vekst i kurstimer og at tal tilsette er på nivå som no.Som vanleg er det lagt inn auke i kompetansehevingstilskotet til medlemsorganisasjonane med same

prosenttillegg som tilskotet frå Staten. Vi gjer merksam på at styret må revidere budsjett når Statsbudsjett 2019 er vedtatt. Med same grunngjeving som under rekneskapssaka har framlegget eit overskot. Det er grunn til å tru at det kjem endringar i tilskottsberekning frå Staten som vil ha konsekvens for Studieforbundet. Det vil vere klokt å ha eigenkapital med seg inn i eit eventuelt endringsarbeid.

Framlegg til vedtak

Årsmøtet vedtar budsjett 2019, med et overskot på kr 231.634,- og eit samla kompetansehevingstilskot til medlemsorganisasjonane på kr 1.215.000,-

# Sak 5 Medlemsskap

Vedlegg; sjå vedtektene til Studieforbundet

Saka bli lagt fram av styremedlem Frode Aleksander Rismyhr.

Årsmøtet 2017 endra vedtektene i Studieforbundet med konsekvens at medlemsorganisasjonar utan kurs dei 3 siste åra ikkje lenger kan ha medlemskap i Studieforbundet. Studieforbundet har medlemsorganisasjonar som blir vedteke av årsmøtet, og organisasjonar med samarbeidsavtale som blir vedteke av styret. 3 årsregelen får i år konsekvens for ein organisasjon; Kringkastingsringen. Organisasjonen har i god tid fått melding om saka. Om organisasjonen vil starte opp med kursverksemd er dei sjølvsagt velkomne til å søke samarbeidsavtale.

Framlegg til vedtak:

Kringkastingsringen sitt medlemsskap i Studieforbundet er ikkje gjeldande frå 30.05.2018.

# Sak 6 Val

Saka blir lagt fram av valnemnda

Valnemnda 2018:

Helena Rosenlund, Frilynt Norge

Helen Hansen, Norsk amatørteaterforbund

Per Hillesund, Forbundet KYSTEN

| ***Ikkje på val i 2018:*** | | | |
|---|---|---|---|
| *Styremedlem* | *Linda Thiis* | *Norges Husflidslag* | *Ny til 2019* |
| *Styremedlem* | *Torbjørn Bergwitz Lauen* | *Noregs Ungdomslag* | *Ny til 2019* |
| **Framlegg** | | | |
| Leiar | Eli Ulvestad | Norges Ungdomslag | Attval 1 år til 2019 |
| Nestleiar | Solveig Torgersen Grinder | Norges Husflidslag | Attval 2 år til 2020 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Styremedlem | Asbjørn Hjertvik | Seniordans Norge | Blir vald inn for John Elvestad for 1 år Til 2019 |
| Styremedlem | Frode Aleksander Rismyhr | Frilynt Norge | Attval 2 år til 2020 |
| Styremedlem | Anne Lise Olsen | Norsk amatørteaterforbund | Attval 2 år til 2020 |
| 1 vara | Anne Schøtz | Slekt og data | Attval 1 år til 2019 |
| 2 vara | Tore Friis-Olsen | Forbundet KYSTEN | Attval 1 år til 2019 |

Revisor Steinar Nilson, Nilson Revisjonskontor attval 1 år til 2019

Frå vedtektene; VALGKOMITEEN
Valkomiteen består av tre medlemsorganisasjonar der ein organisasjon er på val kvart år.
Medlemsorganisasjonane vel sjølv kven dei vil vera representert med i valkomiteen.
Styret kan utarbeide arbeidsskildring for valkomiteen.

**Framlegg til ny valnemnd;**

| | |
|---|---|
| Frilynt Norge | vald til 2019 (ikkje på val) |
| Forbundet KYSTEN | vald til 2020 (ikkje på val) |
| Norges Husflidslag | vald til 2021 (ny) |

---

## Strategi og verksemdsplan 2018-2020, til orientering

Årsmøtet 2017 vedtok ny Strategi- og verksemdsplan 2018-2020. Dette er styret sitt styringsverktøy.
Vedlagt ligg planen slik han vart vedteke i fjor.




STUDIEFORBUNDET KULTUR OG TRADISJON

# ÅRSMELDING 2017

## LOV OM VOKSENOPPLÆRING (VOKSENOPPLÆRINGSLOVEN)

*§ 4.Overordnede mål for studieforbundenes opplæringsaktivitet*

Studieforbundene skal drive sin opplæringsaktivitet på grunnlag av følgende overordnede mål:

a) Å bidra til å vedlikeholde og styrke demokratiet og legge grunnlag for bærekraftig utvikling ved å engasjere og utvikle aktive medborgere.

b) Å gjøre det mulig for mennesker å påvirke egen livssituasjon.

c) Å bekjempe utstøting og bidra til inkludering.

d) Å bidra til motivasjon og tilgang til kunnskap og kompetanse for alle og slik møte behov i et samfunn og arbeidsliv i stadig endring.

e) Å styrke kulturelt mangfold og øke deltagelse i kulturlivet.

f) Å være en selvstendig arena for læring og et supplement til offentlige utdanningstilbud for voksne.

STUDIEFORBUNDET KULTUR OG TRADISJON

# ÅRSMELDING 2017


FRÅ KURSREKKJA TREBÅTBYGGJAR. FOTO: LINDA A



# INNHALD

*Innleiing* 5

*Kap. 1*
Organisasjon 6

*Kap. 2*
Kvalitet 8

*Kap. 3*
Læring 10

*Kap. 4*
Formidling/politikk 17

*Kap. 5*
Fylkesledd 20

Studieforbundet er 20 år 28
Rapportering til Kompetanse Norge 29
Resultatrekneskap 32
Balanse 33
Melding frå revisor 36

ÅRSMELDING 2017

UTGJEVEN AV:
Studieforbundet kultur og tradisjon

TEKST:
Studieforbundet kultur og tradisjon

FOTO:
Forside: Treskjæring på Hjerleid, Sina Brålen Lunde
Øvrige: Studieforbundet kultur og tradisjon og medlemsorganisasjonar

DESIGN:
Løwehjerte

TRYKK:
Grøset™ - produksjonen er klimanøytral, $CO_2$-utsleppet er kompensert

# INNLEIING



*Eli Ulvestad, Styreleiar*

2017 skriv nok eit godt kurs-år for Studieforbundet kultur og tradisjon, med stabilt kurstimetal og optimistiske arrangørar. Vi er ved utgangen av 2017 oppe i 46 medlemsorganisasjonar, som saman med Studieforbundet rapporterte inn over 161.000 kurstimar. Trass i at vi opprettheld kurstimetalet, ser vi at det er ei aukande utfordring å få deltakarar til å delta på lange kurs.

Forslaget til statsbudsjett for 2018 baud også denne gongen på store kutt for studieforbunda. Departementet foreslo å redusere løyvinga til studieforbunda med 22,5 mill. kroner samanlikna med nivået i 2017. VOFO og studieforbunda mobiliserte, og ei imponerande mengd lesarinnlegg, artiklar og oppslag vart skrivne og trykte i over 100 forskjellige lokal-, regional-, og riksmedium av studieforbund, medlemsorganisasjonar og enkeltpersonar. Gjennom kontakt med lokale og regionale politikarar, samt oppslag i media, ynskte vi å synleggjera kor viktig opplæring og VO-tilskotet er for lokalt kulturarbeid og ivaretaking av kulturarven. Vi vann fram, og regjeringas budsjettforhandling resulterte i reversering av det føreslåtte kuttet.

STYRET I STUDIEFORBUNDET VIL TAKKE ALLE MEDLEMSLAG OG ELDSJELER SOM BRUKAR AV SI TID FOR DET DEI BRENN FOR, MED OPPLÆRING SOM FUNDAMENT OG FOKUS.

I regjeringsplattforma som fylgde på, var det i kapittelet om livslang læring lagt vekt på at regjeringa ønskjer å "Styrke det frivillige, åpne og ubyråkratiske opplæringstilbudet i frivillig sektor, i regi av mellom andre studieforbundene". Dette er eitt av ni virkemiddel ny regjering vil ta i bruk for å sikre livslang læring for alle, og lovar bra for vidare arbeid og opplæring i studieforbunda.

Studieforbundet har alltid hatt §4 i Lov om voksenopplæring punkt B som ein viktig del av opplæringa: " Å gjøre det mulig for mennesker å påvirke egen livssituasjon." Dette arbeider vi kontinuerleg med, og det får stadig større plass i organisasjonen. Vi prioriterer til dømes i enda større grad enn tidlegare inkluderingstiltak og styrking av basisferdigheiter. Innan ordninga Kompetansepluss frivillighet gjennomførte vi i 2017 fem kurs, ei auke frå tre kurs i 2016. Slike kurs kombinerer praktisk opplæring i dei lokale laga med systematisk opplæring i basisferdigheiter. For 2018 har vi inne søknadar på heile 10 kurs.

I 2017 starta vi opp kursrekkja Trebåtbygger i samarbeid med Forbundet KYSTEN. Trebåtbygger er ei kursrekkje som skal verne om det tradisjonelle handverket og legge grunnlag for innsikt i og forståing for det særeigne ved materialbruken til trebåtbyggjaren. Teaterinstruktørsatsinga fullførte samtidig utprøvingsfasen av Scenerom i 2017, med svært gode attendemeldingar. Ei modulrekkje er gjennomført i Oslo, og ei i Sandefjord. Kursrekkja er eit samarbeid mellom Studieforbundet og dei andre partane i Teateralliansen. Med gode erfaringar frå både Bunadopplæringa og Vevopplæringa, har vi god tru på at Scenerom og Trebåtbygger kan gje amatørteaterfeltet og trebåtbyggjarfaget ei tilsvarande kvalitetssikring og styrking.

Studieforbundet markerte 20 årsjubileum i 2017, med kaker, konkurransar og festmiddag. Studieforbundet, som vi kjenner det, vart etablert i 1997, med fire medlemsorganisasjonar. Gjennom 20 år har det vakse til heile 46 medlemsorganisasjonar og seks tilsette.

Styret i Studieforbundet vil takke alle medlemslag og eldsjeler som brukar av si tid for det dei brenn for, med opplæring som fundament og fokus. Berre saman og for kvarandre kan vi verkeleg endre og utvikle, varig og målretta. Takk for nok eit godt opplæringsår.



SHREK THE MUSICAL MED SANDEFJORD TEATERFORENING. FOTO TORUNN ELISE KVEEN

*Kap. 1*

# ORGANISASJON

Vi har 46 medlemsorganisasjonar. 16 av desse har fulle rettigheiter og plikter i organisasjonen, og 30 organisasjonar har samarbeidsavtale med rett til å søke kurstilskot.

## MEDLEMS-ORGANISASJONAR

- Folkeakademienes Landsforbund
- Forbundet KYSTEN
- Frilynt Norge
- Hålogaland Amatørteaterselskap
- Kringkastingsringen
- Landslaget for lokalhistorie
- Noregs Mållag
- Noregs Ungdomslag
- Norges Husflidslag
- Norsk Amatørteaterforbund
- Norsk Kulturarv
- Norsk Målungdom
- Norsk Quilteforbund
- Seniordans Norge
- Slekt og Data
- Vestlandske Teatersenter

## ORGANISASJONAR MED SAMARBEIDSAVTALE

- Borre Vikinglag
- Båtlaget Braute
- Fagurmakerne Norge
- Fantasiforbundet
- Forbundet for Norske Museumsvenner
- Foreningen for historiske festivaler
- Fortidsminneforeningen
- Internasjonalistene
- Knipleforeningen i Norge
- Landsforbundet av Motorhistoriske Kjøretøyklubber
- Lofoten Vikinglag
- LUFS - Landslaget for nærmiljøskolen
- Møre frie vikingar
- Norges Linforening
- Norges museumsforbund
- Norsk Folkedraktforum
- Norsk Forening for Fartøyvern
- Norsk Forening for Kulturhistorisk Sverdfekting
- Norsk Selskap For Fotografi
- Norske Kveners Forbund/ Ruijan Kveeniliitto
- Memoar
- Organisasjonen Landsbyen
- Organisasjon for Scenekjempere i Norge
- Oseberg tekstilgruppe
- Oslo amatørbryggerlaug
- Ravn Formidling
- Rosegården Teaterhus
- Samenes Folkeforbund
- Trondheim Vikinglag
- Vestnorsk kulturakademi

Nye organisasjonar med samarbeidsavtale i 2017 er Forbundet for Norske Museumsvenner, Organisasjonen Landsbyen og Oseberg tekstilgruppe.

## STYRET

25.05.2016 – 31.12.2017

| | |
|---|---|
| Eli Ulvestad (Noregs Ungdomslag) | leiar |
| Solveig T. Grinder (Norges Husflidslag) | nestleiar |
| Anne L. Olsen (Norsk Amatørteaterforbund) | styremedlem |
| Frode A. Rismyhr (Frilynt Norge) | styremedlem |
| John Elvestad (Seniordans Norge) | styremedlem |
| Linda Thiis (Norges Husflidslag) | styremedlem |
| Torbjørn B. Lauen (Noregs Ungdomslag) | styremedlem |
| Anne Schiøtz (DIS - Norge, Slekt og Data) | 1.varamedlem |
| Tore Friis-Olsen (Forbundet KYSTEN) | 2.varamedlem |

## TILSETTE

Administrasjonen hadde fram til mai 2017 åtte tilsette på 6 årsverk, mai - november 2017 fem årsverk på 7 tilsette og ved utgangen av 2017 var det i Studieforbundet seks tilsette på 4,7 årsverk.

Studieforbundet har i 2017 hatt desse tilsette:

- Kjærsti Gangsø, dagleg leiar
- Bjørg Schultz
- Dag Lindvig
- Linda Aaboen
- Liv Skogstad
- Tone Heskestad
- Torunn Elise Kveen
- Sina Bråten Lunde

Marte Aasheim Løkken har vore engasjert på timebasis for å jobbe med kurssøknadar og rapportar. Voksenopplærings-forbundet(VOFO) Oppland kjøpte tenester tilsvarande 30 % stilling frå Studieforbundet for å utføre oppgåva som VOFO konsulent i Oppland. Dag Lindvig var VOFO konsulent fram til han slutta

*Kap. 2*

# KVALITET

## TILSKOT FRÅ KOMPETANSE NORGE (TIDLEGARE VOX)

Studieforbundet mottek statstilskot frå Kunnskapsdepartementet. Denne budsjettposten blir delt mellom studieforbunda ut frå godkjente kurstimar åra før. Tilskotet blir brukt til kurs og opplæring i medlemsorganisasjonane og lokallaga. Det totale tilskotet frå departementet har dei tre siste åra vore slik:

| Totalt til studieforbund | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|
| Grunntilskot | 21 000 000 | 21 000 000 | 21 200 000 |
| Opplæringstilskot | 150 825 850 | 155 617 900 | 155 417 900 |
| Tilretteleggingstilskot | 30 375 150 | 31 256 100 | 31 256 100 |
| Sett av til refusjon samisk opplæring | 300 000 | 500 000 | 500 000 |
| **Totalt** | **202 501 000** | **208 374 000** | **208 374 000** |
| **SKT** | **2015** | **2016** | **2017** |
| Grunntilskot | 1 500 000 | 1 500 000 | 1 500 000 |
| Opplæringstilskot | 16 666 830 | 17 251 040 | 17 249 042 |
| Tilretteleggingstilskot | 284 717 | 221 111 | 313 348 |
| **Totalt** | **18 451 547** | **18 972 151** | **19 062 390** |

## ADMINISTRASJON

*Utbetaling av kurstilskot*

Studieforbunda har ansvar for søknadar og utbetaling av tilskot til kurs og opplæring i alle ledd i medlemsorganisasjonane. Tilskotssatsane for 2017 var 90 kroner for timar med lærar og 30 kroner for timar utan lærar. Studieforbunda gjev ulik kursstøtte til timar med og utan lærar, fordi kurstimar med lærar er meir kostnadskrevjande. Kurstimar utan lærar blir rekna som ein viktig læringsarena, men erfaringa viser låge kostnadar. Opplæring og informasjon til kursarrangørar om kurs og tilskotsreglar er ein viktig del av arbeidet på kontoret.

*Kompetansehevingstilskot*

Kompetansehevingstilskotet skal styrke fagleg og pedagogisk arbeid i medlemsorganisasjonane. Tilskotet er lite byråkratisk

*Fordelinga var slik*

| | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|
| Norges Husflidslag | 493 200 | 465 638 | 484 851 |
| Seniordans Norge | 186 000 | 194 346 | 190 953 |
| Frivt Norge | 145 200 | 163 898 | 175 605 |
| Noregs Ungdomslag | 160 800 | 148 178 | 126 103 |
| Norsk Amatørteaterforbund | 123 600 | 105 904 | 90 270 |
| Hålogaland Amatørteaterselskap | 34 200 | 36 500 | 29 064 |
| Forbundet KYSTEN | 25 200 | 28 184 | 26 271 |
| Vestlandske teatersenter | 15 600 | 12 946 | 10 710 |
| Norsk kulturarv | 12 000 | 11 089 | 13 195 |
| Slekt og data | 0 | 4 268 | 5 905 |
| Norsk Quilteforbund | 0 | 6 125 | 5 870 |
| Noregs Mållag | 0 | 863 | 425 |
| Kringkastingsringen | 0 | 0 | 0 |
| Landslaget for lokalhistorie | 0 | 0 | 3 030 |
| Norsk målungdom | 0 | 0 | 59 |
| **Sum** | **1 184 000** | **1 198 933** | **1 183 400** |

og fordeler ressursar slik at medlemsorganisasjonane er i stand til å ta fagansvar i eigen organisasjon. Tilskotet blir tildelt medlemsorganisasjonar, men ikkje til organisasjonar med samarbeidsavtale. Fordelingsnøkkel er gjennomførte kurstimar med statstilskot dei siste to år. Det blir ikkje kravd rekneskap for tilskotet.
For å få kompetansehevingstilskot må organisasjonane akseptere tilsegnsbrev med følgjande kriterier;
- Organisasjonen må ha informasjon om Studieforbundet på eige nettside
- Organisasjonen må ha informasjon om Studieforbundet, eige kursverksemd, kompetansehevingstilskotet og kva tilskotet er brukt til i eige årsmelding.

Kompetansehevingstilskotet 2017 er rekna ut frå kurstimar i 2014 og 2015.

*KursAdmin*
Arbeidet med å gjere KursAdmin (VOFOs felles kursadministrasjonsprogram) funksjonelt, er framleis vanskeleg. VOFO sa i 2016 opp avtalen med leverandøren av programmet. Studieforbundet er, saman med nokre av dei andre studieforbunda, aktivt med i arbeidet med å få til eit alternativt og funksjonelt program. Det blir ikkje halde eigne kurs i å bruke KursAdmin, og kursarrangørane som ikkje allereie er brukarar, blir oppmoda til å bruke den opne nettløysinga for å søke støtte. Dei aller fleste arrangørar bruker denne løysinga.

*Felles avtalar*
Gjennom VOFO har Studieforbundet avtale med Kopinor som gjev alle kursarrangørar rett til fri kopiering av beskytta materiell til bruk på kurs. Studieforbundet har og forsikringsavtale som sikrar alle kurslærarar på kurs med statstilskot, om det skulle skje ei ulykke.

*Studieplanar*
Studieplanane våre er bygd opp etter ei matrise der kvart emne har fleire studieplanar, men med ulikt timetal. Læringsmål og innhald blir endra og tilpassa etter timetal. Det er ei løpande vurdering av korleis studieplanane skal vere. I 2017 har vi laga fleire nye studieplanar, både fordi det kjem nye organisasjonar med nye kursemne, men og fordi vi har sett at det er fornuftig å ha meir spesialiserte studieplanar.

*Lag /kurs teke ut i internkontroll 2017*
Studieforbundet har plikt til å kontrollere at tilskotet blir brukt slik formålet blir uttrykt i "Lov om voksenopplæring". Kunnskapsdepartementets revisjonsinstruks stiller krav til korleis kontrollen skal gå føre seg. Det blir jamleg gjennomført stikkprøvekontrollar.

I 2017 vart 25 lag kontrollert fordelt på 60 kurs:
Internkontrollen viste ingen avvik.

*Norges husflidslag*
Hamar Husflidslag: 3 kurs
Lørenskog Husflidslag: 3 kurs
Nittedal Husflidslag: 3 kurs
Nordre Ringsaker Husflidslag: 3 kurs
Røros Husflidslag: 3 kurs
Råde Husflidslag: 3 kurs
Østre Toten Husflidslag: 2 kurs
Ås Husflidslag: 3 kurs
23 kurs

*Noregs Ungdomslag*
Bul Nidaros: 2 kurs
Fiane Ul: 2 kurs
4 kurs

*Frilynt Norge*
Skirevyen: 3 kurs
Nittedal Teater: 3 kurs
Barne- og ungdomsteateret Tut og Kjør: 3 kurs
Teatergruppen Masken: 3 kurs
12 kurs

*NATF*
Romerike Friteater: 3 kurs
Unge Spor: 3 kurs
6 kurs

*Seniordans Norge*
Løten seniordans: 2 kurs
Farsund Seniordans: 1 kurs
Fredrikstad Seniordans: 1 kurs
Buttenkvern seniordans: 2 kurs
Hamar Velferdssentral seniordans: 2 kurs
Sande seniordans: 2 kurs
Dokka Seniordans: 2 kurs
Sør-Fron Seniordans: 1 kurs
13 kurs



Kap 3

# LÆRING

## *Kurstimar delt på organisasjon*

| | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|
| Norges Husflidslag | 6 3094 | 63 250 | 65 226 |
| Fnlynt Norge | 22 139 | 79 412 | 27 212 |
| Seniordans Norge | 24 616 | 24 298 | 25 482 |
| Noregs Ungdomslag | 14998 | 16 315 | 16 154 |
| Norsk Amatørteaterforbund | 12 229 | 10 718 | 10 264 |
| Forbundet KYSTEN | 3 430 | 5 554 | 5 059 |
| Hålogaland Amatørteaterselskap HATS | 3 398 | 3 632 | 3 672 |
| Norsk Kulturarv | 1 819 | 1 608 | 1 667 |
| Folkeakademienes Landsforbund | | | 1 095 |
| Studieforbundet kultur og tradisjon | 1 155 | 927 | 1 015 |
| Vestlandske Teatersenter | 1 455 | 847 | 603 |
| Slekt og Data | 817 | 803 | 847 |
| Norsk Quilteforbund | 823 | 652 | 681 |
| Vestnorsk kulturakademi | 203 | 459 | 127 |
| Båtlaget Braute | 348 | 347 | 429 |
| Vikinglaga | 129 | 347 | 622 |
| Landslaget for lokalhistorie | 462 | 337 | 491 |
| Organisasjon for scenekjempere i Norge | 35 | 123 | 80 |
| Noregs Mållag | 0 | 102 | 156 |
| Fantasiforbundet | 77 | 83 | 80 |
| Fortidsminneforeningen | 64 | 65 | 179 |
| Knipleforeningen i Norge | | 56 | 135 |
| Norges museumsforbund | 0 | 0 | 115 |
| Norsk Folkedraktforum | 80 | 40 | 61 |
| Norsk Selskap for Fotografi | 57 | 34 | 57 |
| Memoar | | | 51 |
| Oslo Amatørbryggerlaug | | 33 | |
| Fagurmakerne Norge | 46 | 10 | |
| Norsk Målungdom | 15 | 10 | |
| Internasjonalistene | 0 | 0 | |
| Norsk forening for fartøyvern | 548 | 0 | |
| Norsk Forening for Kulturhistorisk Sverdfekting | 82 | 0 | |
| Norske Kveners Forbund/Ruijan Kveeniliitto | 0 | 0 | |
| **Sum** | **153 443** | **160 062** | **161 560** |

| | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| Kommunar | 328 | 332 | 341 | 346 |
| Arrangørar | 927 | 930 | 975 | 988 |
| Kurs | 4 941 | 5 067 | 5 169 | 5 260 |
| Deltakarar | 39 443 | 40 423 | 39 929 | 41 528 |
| **Kurstimar** | **149 635** | **152 119** | **160 062** | **161 560** |

## *Kurstimar delt på fylke*

| FYLKE | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| Østfold | 228 | 7032 | 1 648 | 48 8782 |
| Akershus | 802 | 27 310 | 5 544 | 1 965 681 |
| Oslo | 160 | 6 569 | 1 169 | 598 520 |
| Hedmark | 355 | 9 554 | 2 491 | 630 601 |
| Oppland | 368 | 10925 | 2 903 | 861 917 |
| Buskerud | 223 | 6 153 | 1 819 | 485 478 |
| Vestfold | 361 | 12 834 | 3 217 | 1 047 657 |
| Telemark | 207 | 7 097 | 1 909 | 719 294 |
| Aust-Agder | 122 | 3 612 | 1 336 | 319940 |
| Vest-Agder | 146 | 3 893 | 1 292 | 283 370 |
| Rogaland | 300 | 8 516 | 2 251 | 611 632 |
| Hordaland | 428 | 11 574 | 3 145 | 933 361 |
| Sogn og Fjordane | 138 | 3 892 | 1 439 | 305 295 |
| Møre og Romsdal | 290 | 7 814 | 2 549 | 625 931 |
| Sør-Trøndelag | 310 | 11 371 | 2 803 | 930 946 |
| Nord-Trøndelag | 178 | 4 837 | 1 464 | 405 325 |
| Nordland | 308 | 9 639 | 2 180 | 661 088 |
| Troms | 249 | 6 855 | 1 766 | 540 400 |
| Finnmark | 87 | 2 083 | 603 | 182 704 |
| **SUM** | **5 260** | **161 560** | **41 528** | **1 259 7922** |

## *Kurs, deltakarar og timar delt på emne*

| EMNE | KURS | DELTAKARAR | TIMAR |
|---|---|---|---|
| Tekstil | 1 819 | 10 557 | 47 754 |
| Dans | 1 212 | 15 503 | 37 866 |
| Teater, revy og drama | 701 | 5 637 | 39 520 |
| Tre | 323 | 1 766 | 8 953 |
| Teikning, maling, grafikk | 298 | 1 816 | 6 785 |
| Tradisjonsmat | 109 | 1 503 | 597 |
| Metall | 127 | 657 | 3 010 |
| Organisasjon | 85 | 870 | 1 186 |
| Miljøvern, friluftsliv, jord og hagebruk | 64 | 367 | 2 199 |
| Anna | 522 | 2 852 | 13 690 |
| **Sum** | **5 260** | **41 528** | **161 560** |

## TILRETTELEGGINGS-TILSKOT

Tilretteleggingstilskot blir tildelt kursarrangørar som held kurs der ein eller fleire av deltakarane treng ekstra tilrettelegging for å vera deltakar. Målet med tilskotet er å gjere det enklare å legge til rette, redusere kostnadane for arrangør, samt fjerne eller lette opplæringshindringar. Kvar søknad blir individuelt behandla. Tilretteleggingstilskot blir utbetalt etter dokumenterte utgifter og/eller frivillig tilrettelagt innsats. I 2017 laga vi mellom anna ein matrise som definerer ymse kurstypar med behov for ekstra innsats, for å gjere søkeprosessen for tilrettelegging enklare og meir rasjonell.

*Tilretteleggingstilskot*

| ORGANISASJON | TILSKOT | KURS | DELTAKARAR | TIMAR |
|---|---|---|---|---|
| Noregs Husflidslag | 94 170 | 19 | 105 | 312 |
| Norsk Amatørteaterforbund | 42 345 | 10 | 89 | 423 |
| Noregs Ungdomslag | 57 430 | 6 | 90 | 158 |
| Seniordans Norge | 83 165 | 13 | 121 | 470 |
| Folkeakademienes Landsforbund | 100 206 | 11 | 44 | 334 |
| Forbundet Kysten | 11 850 | 3 | 22 | 60 |
| Norsk Kulturarv | 10380 | 1 | 11 | 32 |
| Noregs Mållag | 22 760 | 4 | 25 | 78 |
| Studieforbundet kultur og tradisjon | 111 170 | 11 | 79 | 244 |
| **SUM** | **533 476** | **78** | **586** | **2111** |

| FYLKE | TILSKOT | KURS | DELTAKARAR | TIMAR |
|---|---|---|---|---|
| 01 Østfold | 17115 | 4 | 32 | 56 |
| 02 - Akershus | 44880 | 6 | 34 | 116 |
| 03 - Oslo | 47080 | 4 | 22 | 120 |
| 04 - Hedmark | 7880 | 2 | 9 | 20 |
| 05 - Oppland | 152171 | 18 | 113 | 490 |
| 06 - Buskerud | 45370 | 6 | 41 | 314 |
| 07 - Vestfold | 15100 | 3 | 18 | 76 |

## KOMPETANSEPLUSS FRIVILLIGHET

Kompetansepluss frivillighet er midlar frå Kompetanse Norge, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk, til kurs med mål å medverke til å styrke grunnleggande ferdigheiter i lesing, skriving, rekning, munnleg norsk og IKT for vaksne. Målet er at fleire kan ta del i opplæring og utdanning, og gjennom dette få styrka moglegheitene for å kunne delta i arbeidslivet. Vi heldt i 2017 fem kurs innan ordninga. Tre kurs i "Ull på norsk", i samarbeid med Vågå Husflidslag, Volda Husflidslag og Ringebu Fåvang Husflidslag, "Matkultur på norsk" i samarbeid med Folkeakademiet Sørum, og "Manus på norsk" i samarbeid med teatergruppa HotPot. Studieforbundet søker tilskot frå Kompetanse Norge til desse kursa på vegne av, og i samarbeid med lokallaga, i høve til eit oppsett budsjett. Vi har søkt nye kurs for 2018.

## VOFO REISESTIPEND

VOFO har ei reisestipendordning for studiereiser til utlandet. Formålet med ordninga er å bidra til kompetanseheving, motivasjon og idéutvikling i opplæringsarbeidet i studieforbund og medlemsorganisasjonane deira. Studieforbundet lagar prioritert liste blant søkjarane våre. I 2017 fekk desse VOFO reisestipend i Studieforbundet kultur og tradisjon.

› Tuva Løkse, Forbundet KYSTEN
› Silja Levin, Norges Husflidslag
› Gerd Gjermundrød Ous, Norges Husflidslag
› Solveig Torgersen Grinder, Norges Husflidslag (refundert til VOFO grunna sjukdom)
› Britta Hohne, Norsk Quilteforbund

## BÆREKRAFT I BUNADSNÆRINGA

Norges Husflidslag, Noregs Ungdomslag, Heimen Husflid, Norsk institutt for bunad og folkedrakt og Studieforbundet samarbeider med Skåppå Kunnskapspark as (tidlegare Lillehammer og Gudbrandsdal Kunnskapspark) om prosjektet "Bærekraft i bunadsnæringa". Prosjektet har som mål å skaffe ny kunnskap om tilstand og utfordringar i bunadsnæringa. I 2017 vart det gjennomført ei spørjeundersøking blant bunadstilverkarar for å sjå på styrker og svakheiter ved næringsverksemda i bransjen. Ei undersøking, som vart presentert under Fagdagane 2017, viste eit behov for å styrke den kommersielle sida for å sikre næringsgrunnlaget hjå den enkelte. Det vart sendt ny søknad til Norsk Kulturråd om utviklingsmidlar til eit eige opplæringsprogram for tekstilhandverkarar. Prosjektet fekk avslag. Etter å ha hatt kontakt med Kulturrådet, blir det vurdert å endre søknaden noko og sende ein revidert versjon våren 2018. Prosjektleiar er Harald Granrud i Skåppå Kunnskapspark as.

## KRIK OG KROK

Målet med kampanjen "Krik og krok" har vore å spreie kursaktiviteten til nye plassar i landet. I 2017 lykkast vi med å få kurs i 14 av dei 64 kommunane det ikkje hadde vore kurs i dei to føregåande åra. Rapportsystemet vårt er ikkje godt nok til å halde ei skikkelig oversikt over denne aktiviteten. Samstundes som vi fekk kurs i kommunar som hadde mangla aktivitet ei stund, vart andre kommunar utan kurs. Kommunesamanslåing gjorde det også vanskeleg å halde ei god oversikt. Av desse årsakene valde styret å avslutte kampanjen etter 2017. Vi fekk likevel til eit generelt skarpare fokus på å spreie kursaktivitet i kvar krik og krok i landet.

## INKLUDERING

Vi jobbar for å kunne tilby alle kvalitativt god opplæring innan kultur og tradisjonsfeltet, og går aktivt ut for å nå personar som ikkje enkelt sjølve finn fram til kursa våre. Rekrutteringskampanjen "Krik og krok" og språkkursa gjennom ordninga Kompetansepluss frivillig, er to konkrete tiltak for å kome formålet vårt i møte. Handlingsplanen for 2015–2017 forsterkar tiltak knytt til at kursverksemda skal bli meir inkluderande og nå ei meir mangfaldig målgruppe. Delar av denne verksemda krev tilrettelegging, og vi rapporterer auke i kursaktivitet med tilretteleggingstilskot i 2017. Saman med auke i mengde kursarrangørar, i kurs, kursdeltakarar og kurskommunar, er dette gode signal på at kursa totalt sett når fleire.




## FAGDAGANE I BUNAD OG FOLKEDRAKT

Fagdagane i bunad og folkedrakt er eit samarbeid mellom Noregs ungdomslag, Norges Husflidslag, Norsk folkedraktforum, Norsk institutt for bunad og folkedrakt og Studieforbundet kultur og tradisjon. Fagdagane 2017 vart arrangert på Fagernes 28.- 29. august med hovudtema sylv. Målet med fagdagane er å samle ulike delar av bunadsmiljøet i Norge til foredrag, kurs og debatt.
Fagdagane samla i 2017 130 deltakarar. Frå Studieforbundet deltok Linda Aaboen, Torunn Elise Kveen og Kjærsti Gangsø.

## KURS I FENGSEL

Studieforbundet arrangerte kurs i fengsel også i 2017, med tilskot frå Justisdepartementet. Studieforbundet opplevde i åra 2015 – 2017 ei halvering av tilskotet, og fekk tildelt 100.00 i 2017. Det vart gjennomført 29 kurs i 2015 og etablert kursaktivitet ved to nye fengsel, 19 kurs i 2016 og berre 11 kurs i 2017. For 2018 er ikkje posten søkbar, og Studieforbundet har ikkje vorte tildelt midlar.

Arbeidet har bygd på samarbeid med lokale fagpersonar og eldsjeler, og blir arrangert under føresetnad av tilskot frå Justisdepartementet. Målgruppa for tilbodet er alle domfelte. Prosjektleiar i 2017 har vore Torunn Elise Kveen.

SCENE ROM

## KURSLÆRAR-OPPLÆRING

Fagleg oppdatering og utvikling av kurslærarar er ansvaret til medlemsorganisasjonane, men Studieforbundet er med på opplæring av kurslærarar når organisasjonane ber om det. I 2017 deltok Studieforbundet på to kurs som fylkeslag i Norges Husflidslag arrangerte, samt på kurslærarkurs for Norsk Kulturarv. Det vart og gjennomført kurslærarsamling 23. mars i Oslo for lærarane på Bunadopplæringa og Vevopplæringa. Der deltok 11 kurslærarar.

## KURSARRANGØRKURS

Studieforbundet ser det som viktig å vere der medlemsorganisasjonane er. Studieforbundet deltek etter invitasjon, og på eige initiativ, og om det let seg gjennomføre av praktiske årsakar. I 2017 var Studieforbundet med på kursarrangøropplæring på 19 samlingar for 535 deltakarar.

## SCENEROM – KURS I REGI OG TEATERPRODUKSJON

Studieforbundet samarbeider med Frilynt Norge, Noregs Ungdomslag og Norsk Amatørteaterforbund om utvikling av ny instruktøropplæring for amatørteater. Prosjektet har ei styringsgruppe frå samarbeidsorganisasjonane og prosjektleiar er tilsett i Studieforbundet kultur og tradisjon.
Scenerom bygger på ei spørjeundersøking gjennomført i 2015, som undersøkte tilgangen på teaterinstruktørar og kva for kompetanse miljøet

| FENGSEL | KURS | DELTAKARAR* | TIMAR |
|---|---|---|---|
| Bredtveit Fengsel | 1 | 6 | 8 |
| Friomsorgen Oslo | 1 | 5 | 60 |
| Ila fengsel | 2 | 9 | 35 |
| Trondheim Fengsel | 2 | 19 | 19 |
| Trøgstad Fengsel, Indre Østfold | 2 | 18 | 21 |
| Ullersmo fengsel | 3 | 22 | 101 |
| Seks fengsel, 11 kurs | 11 | 79 | 244 |



ØKSEUTSTILLING PÅ HJERLEID
FOTO: TORUNN ELISE KVEEN

innehar. Prosjektet undersøkte i tillegg behov for, og ønskje om innhald i ei framtidig felles opplæring. Undersøkinga gav signal om behov både for vidareutdanning og opplæring på grunnivå. I tråd med resultat av kartlegginga, har Studieforbundet gjennomført to testkursrekker på fire modular kvar, på grunnivå, ei i Oslo og ei i Sandefjord. Ny og justert kursrekke er på trappene i Oslo, med oppstart i april 2018.

## TRESEMINARET 2017

TREseminaret er eit samarbeidsprosjekt mellom Dovre handverkssenter, Handverksskolen, Norges Husflidslag, Senter for bygdekultur og Studieforbundet kultur og tradisjon. TREseminaret blir arrangert årleg i veke 17 ved Hjerleid skole og håndverkssenter på Dovre. Seminaret er eit fagseminar med handverks- og husflidsteknikkar i tre. Studieforbundet, ved Linda Aaboen, var prosjektleiar for TREseminaret 2017. Det vart gjennomført 15 kurs med til saman 109 deltakarar. TREseminaret gjev årleg tilbod om kurs til 5. og 8. klassetrinn i regionen. I 2017 deltok 114 elevar frå fire skular på ulike aktivitetar.

## BUNADOPPLÆRINGA

Bunadopplæringa er ei kursrekkje på seks modular, og ein tilleggsmodul i mønsteravtak og gradering, som følgjer læreplanen i bunadtilverkarfaget VG3/opplæring i bedrift. Dette er eit samarbeid mellom Norges Husflidslag (NH), Noregs Ungdomslag (NU), Norsk folkedraktforum (NFF) og Studieforbundet kultur og tradisjon. Kursrekkja kan inngå som ein del av grunnlaget for å gå opp som praksiskandidat og ta sveinebrev. Modulane har vore arrangert på Raulandsakademiet i Rauland og Norsk institutt for bunad og folkedrakt på Fagernes. Kurslærarar har vore Eli Vesaas, Mona Løkting, Kathrine Bringsdal, , Joar Vaagø, Barbro Tronhus Storlien, Torild A. Fossnes, Inger Petersen, Ann Lundekvam og Hege-Therese Nilsen.

Modulane i Bunadopplæringa:

- Modul 1: Introduksjon til bunadtilverkarfaget, 16 deltakarar (Kursrekkje 2017 - 2020)
- Modul 1: Introduksjon til bunadtilverkarfaget, 21 deltakarar (Kursrekkje 2017 - 2019)
- Modul 3: Sting, saum og brodering , 20 deltakarar (Kursrekke 2016 - 2018)
- Modul 4: Skjorte og linsaum, 17 deltakarar (Kursrekkje 2016 - 2018)
- Modul 6: Saum i kvinnebunad og innføring i tilpassing, 19 deltakarar (Kursrekke 2017 - 2019)

*Tilleggsmodul for Bunadopplæringa:*

- Mønsteravtak og gradering, 16 deltakarar

**TRE-**
seminaret

## VEVOPPLÆRINGA

Vevopplæringa er ei kursrekkje på sju modular, og ein tilleggsmodul i snorer og band, som følgjer læreplanen i handvevarfaget VG3/opplæring i bedrift. Dette er eit samarbeid mellom Norges Husflidslag og Studieforbundet kultur og tradisjon. Kursrekkja går over tre år og kan inngå som ein del av grunnlaget for å gå opp som praksiskandidat og ta sveinebrev. Modulane har vore arrangerte på Raulandsakademiet på Rauland i Telemark. Kurslærarar har vore Rita Vistad, Bjørg Hustad, Eli Wendelbo, Brita Been og Hilde Opedal Nordby.

*Modulane i Vevopplæringa:*

- **Modul 3: Kyper og kypervariantar**, gruppe I, 7 deltakarar (Kursrekkje 2016 - 2019)
- Modul 3: Kyper og kypervariantar, gruppe II, 8 deltakarar (Kursrekkje 2016 - 2019)
- Modul 4: Sateng og dreiel, gruppe I, 8 deltakarar (Kursrekkje 2016 - 2019)
- Modul 4: Sateng og dreiel, gruppe II, 10 deltakarar (Kursrekkje 2016 - 2019)
- Modul 6: Dobbeltvev, 7 deltakarar ( Kursrekkje 2014 - 2017)
- Modul 7: Bindetrådsteknikkar/ dobbeltsidige bindingar, 6 deltakarar ( Kursrekkje 2014 - 2017)

*Tilleggsmodul for Bunadopplæringa og Vevopplæringa:*

- Korleis starte eiga verksemd?, 20 deltakarar

## TREBÅTBYGGJAR

Hausten 2017 starta kursrekkja i Trebåtbyggjar. Den modulbaserte kursrekkja i trebåtbyggarfaget er eit samarbeid mellom Studieforbundet kultur og tradisjon og Forbundet KYSTEN. Kursrekkja bygger på læreplan for trebåtbyggarfaget Vg3/ opplæring i bedrift. Modulane har vore arrangert på to ulike stadar; Museet Kystens Arv i Stadsbygd og Risør Trebåtbyggeri i Risør.

› Modul 1: Materialkunnskap og rothogst, 10 deltakarar
› Modul 2: Utstikking av hudplank og tetting av skroget, 9 deltakarar

## HANDVERKSSKOLEN AS

Studieforbundet kultur og tradisjon og Norsk Kulturarv eig Handverksskolen AS på Dovre i Oppland fylke. Studieforbundet eig 33,3 % av aksjane. Handverksskolen AS er ein vidaregåande skule godkjent etter Friskoleloven, til å tilby Vg2 Design og trearbeid/Vg2 Smed, med vekt på treskjering og smiing. Det er to klassar med godkjenning for å ta inn 30 elevar. Studieforbundet sine representantar i formelle organ: Kjærsti Gangsø (styreleiar), Solveig Torgersen Grinder (styremedlem) og Bjørg Schultz (leiar i valkomiteen).

## STATUS FOR STUDIEFORBUNDET SOM TILBYDAR AV HØGARE UTDANNING

Studieforbundet har gjennom fleire år samarbeidd med NTNU om høgskulekurs. Dette var etter- og vidareutdanningskurs der NTNU har godkjent studieplan og fagpersonell, og Studieforbundet har hatt ansvar for gjennomføring og økonomi. Det har og vore andre samarbeidspartar med i dei ulike kurstilboda. Ein gjennomgang av Studietilsynsforskrifta førte til at kurstilboda våre ikkje lenger vart godkjent. NOKUT vedtok i 2017 ny Kvalitetsforskrift som for så vidt opnar for å re-etablere samarbeid med UH-sektoren om tilbod. Det seier seg likevel i praksis å vere svært vanskeleg å få dette til. Studieforbundet har i 2017 hatt møter med fleire universitet og høgskular for å finne løysningar. Ved årsskiftet 2017/2018 er saka uviss.



FRÅ SCENEROM, KURS I REGI OG TEATERPRODUKSJON FOTO: TORUNN ELISE KVEEN




## MEDLEMSSKAP

*Voksenopplæringsforbundet, VOFO*
Studieforbundet er medlem i VOFO og deltar i aktivitetar og nettverket av studieforbund i Norge. Kjærsti Gangsø er styremedlem i perioden 2017-2019 . Eli Ulvestad er medlem i valkomiteen.

*Frivillighet Norge*
Studieforbundet er medlem i Frivillighet Norge. Eli Ulvestad er vald som nestleiar i styret. Kjærsti Gangsø møtte som Studieforbundets representant på årsmøtet.

*Förbundet Nordisk Vuxenupplysning, FNV*
FNV er eit samarbeid mellom studieforbund frå Danmark, Finland, Norge og Sverige.
Samarbeidet består i to årlege møtestader, generalsekretærmøte i januar og årsmøte/årskonferanse i september. Kjærsti Gangsø møtte på generalsekretærmøtet i januar.
Årsmøte/årskonferansen 2017 var i Helsinki, Finland. Eli Ulvestad, Linda Thiis og Kjærsti Gangsø var våre representantar. Ivar Odnes frå Senterpartiets studieforbund er styremedlem og Kjærsti Gangsø er varamedlem.

*Teateralliansen*
Teateralliansen skal auke samarbeidet mellom nasjonale, frivillige og demokratiske amatørteaterorganisasjonar, og ivareta og fremme felles faglege og interessepolitiske saker. I 2017 er Frilynt Norge, Norsk Amatørteaterforbund, Noregs Ungdomslag, Norsk musikkråd og Studieforbundet kultur og tradisjon medlemsorganisasjonar. Studieforbundet fikk 675.000 i tilskot til å utvikle og utprøve teaterinstruktøropplæringa Scenerom.
Kjærsti Gangsø er styremedlem, med Torunn Elise Kveen som vara.

*Kulturalliansen*
Kulturalliansen er en samanslutning for frivillige kulturorganisasjonar i Norge og arbeider for å styrke posisjon og rammevilkår i samfunnet for det frivillige kulturfeltet. Kulturalliansen vart formelt stifta i 2016. Studieforbundet er observatørorganisasjon. Torunn Elise Kveen møtte på årsmøtet 27.04.2017.

*Rådet for folkemusikk og folkedans (Rff)*
Rådet for folkemusikk og folkedans er eit nettverk som årleg arrangerer representantskapsmøte med deltakarar frå eit breitt folkemusikk- og folkedans- og arkivmiljø. Representantskapsmøtet vel eit råd på sju personar som skal vera talerøyr for feltet mellom møta. Kjærsti Gangsø er vald til nestleiar i Rådet og til styremedlem i Stiftinga for folkemusikk og folkedans.

*Nettverket «løfte handverket»*
Norsk handverksinstitutt har ansvar for nettverket "Løfte handverket", som organiserer årlege møtestader og seminar. Linda Aaboen har delteke i nettverket på vegne av Studieforbundet.

**ARENDALSUKA**
Arendalsuka er Noregs største, politiske møteplass, ein årleg møtearena mellom næringsliv og politikarar, lokalisert i Arendal. Studieforbundet var representert med Eli Ulvestad, Solveig Torgersen Grinder, Torunn Elise Kveen og Kjærsti Gangsø frå 15.-17. august 2017. Studieforbundet deltok på VOFO sitt arrangement, der Torunn Elise Kveen fortalte om erfaringar med inkludering, på arrangement i Folkeuniversitetet der Kjærsti Gangsø fortalte om erfaring med å tilby høgare utdanning, og det vart gjennomført politiske møter med eit utval enkeltpolitikarar. Studieforbundet var og til stades på fleire debattar om kunnskapspolitikk og besøkte stand til andre studieforbund.

**STATSBUDSJETT 2018**
Regjeringa Solberg la fram forslag til statsbudsjett for 2018 12. oktober 2017. Departementet foreslo å redusere løyvinga til 185 978 000 kroner, ein reduksjon på 22,5 mill. kroner samanlikna med nivået i 2017. Reduksjonen skulle ikkje påverke storleiken på tilretteleggingstilskotet. Også ordninga Kompetansepluss var foreslått kutta frå 163 237 millionar kroner i 2017 til 157 167 millionar kroner i 2018, ein nedgang på over 6 millionar. Studieforbunda,



saman med VOFO, sette i verk ei enorm mobilisering gjennom medlemsorganisasjonar, fylkesledd, og einskildpersonar for å forhindre kuttet gjennom kontakt med lokale og regionale politikarar, oppslag i media og synleggjering av kor viktig opplæring og VO-tilskotet er for lokalt kulturarbeid og ivaretaking av kulturarven. Studieforbundet opplevde eit stort engasjement frå medlemmane våre, fylkesledd, organisasjonar, lokallag og enkelt-eldsjeler. Eit imponerande mengd lesarinnlegg, artiklar og oppslag er skreve i over 100 forskjellige lokal-, regional-, og riksmedium. Arbeidet førte fram, og Regjeringas budsjettforhandling førte til reversering av det føreslåtte kuttet. Fleire av dei andre opposisjonspartia hadde også ei reversering av kuttet i sine alternative budsjett.

## SKRIFTLEG INNSPEL PÅ HØYRINGAR

Studieforbundet sendar skriftlege innspel på høyringar i aktuelle sakar til myndigheitene, medlemsorganisasjonar og ved andre aktuelle sakar. Studieforbundet sendte høyringsuttale på fem sakar i 2017:

- Til Stortinget v/ Familie- og kulturkomiteen, Innspel til høyring om åndsverklova
- Fagleg råd for design og handverk i UDIR, om struktur i fag og yrkesopplæring
- Kunnskapsdepartementet, svar på høyring om ny struktur I fag- og yrkesopplæringa
- Kulturdepartementet, innspel til Frivillighetsmelding
- Kulturdepartementet, innspel til Kulturmelding



*Kap. 5*

# FYLKESLEDD I STUDIEFORBUNDET KULTUR OG TRADISJON

## FYLKESLEDD

I fylgje Lov om vaksenopplæring skal Studieforbundet ha ei regional organisering. Kva for organisasjonsform og oppgåver som skal ligge til den enkelte regionen, seier loven ingenting om. Studieforbundet kultur og tradisjon har vald å etablere fylkesledd med organisasjonsnummer og fylkeskontaktar i kvart fylke.

I enkelte fylke er det støtte til dei regionale avdelingane i Studieforbundet. Tilskotsordninga frå fylkeskommunane til organisasjonane er under press, og fleire fylke har antyda at det er utbetalt fylkeskommunal støtte for siste gong i 2017. I 7 av fylka våre vart det ikkje gjeve fylkeskommunal støtte til studieforbunda. For 2016 var dette talet 8, og det gler oss stort at Studieforbundet kultur og tradisjon Rogaland har motteke støtte frå sin fylkeskommune for 2017.

I fylke utan tilskot er det ikkje grunnlag for samarbeid mellom studieforbunda, eller utviklingsarbeid saman med fylkeskommunen innan kurs og opplæring på fagfeltet for vaksenpedagogikk. Dei enkelte fylkesledda i studieforbundet må difor definere oppgåvene sine etter tilgjengelege økonomiske ressursar og motivasjon. Studieforbundet kultur og tradisjon er godt representert i styra i dei regionale ledda i Voksenopplæringsforbundet (VOFO).

Studieforbundet arrangerer annakvart år ei samling for fylkesledda. Føresetnaden for deltaking på samlingane er at dei skal gje fagleg påfyll, informasjon frå Studieforbundet og motivasjon for å drive organisasjonsarbeid i Studieforbundet. I 2017 vart det ikkje halde slik samling, sidan denne finn stad i partalsår. Kommande samling er i 2018.

Tilsette i Studieforbundet deltek og på organisasjon- eller medarbeidarsamlingar ute i regionene etter ønskje frå styra i fylkesledda. I 2017 deltok vi på eitt slik arrangement.

| FYLKE | STYREMEDLEMMAR-FYLKESLEDD | ORGANISASJON | FYLKESTILSKOT 2017 | FYLKESTILSKOT 2016 | REPRESENTERTE I VOFO-FYLKE |
|---|---|---|---|---|---|
| Østfold | Bjørg Lundeby | Norges Husflidslag | 44 674 | 42 432 | Bjørg Lundeby |
| Akershus | Anne Langøy | Norges Husflidslag | 125 336 | 115 950 | |
| Oslo | Jeanette Ajer | Norges Husflidslag | 0 | 0 | Jeanette Ajer |
| Hedmark | Arild Larsen | Norges Husflidslag | 61 310 | 87 975 | Inger Maria Sundal |
| Oppland | Brita Rusten Åmot | Norges Husflidslag | 0 | 0 | Brita Rusten Åmot |
| Buskerud | Rita Vistad | Norges Husflidslag | 61 470 | 76 900 | Rita Vistad |
| Vestfold | Inger Brynhildsen | Norges Husflidslag | 0 | 0 | Kari Lie |
| Telemark | Kari Lie | Noregs Ungdomslag | 19 600 | 19 600 | Kari Lie |
| Aust-Agder | Bente Hove Lyding | Norges Husflidslag | | | |
| Vest-Agder | Kari Mysen | Noregs Ungdomslag | 0 | 0 | Borghild Laver |
| Rogaland | Kristin B. Rasmussen | Norges Husflidslag | 23 860 | 0 | Synnøve Gran Særskår |
| Hordaland | Gunn Hauge | Norges Husflidslag | 36 786 | 40 484 | Bjørg G. Gravdal |
| Sogn og Fjordane | Synøve Eriksen Vadøy | Norges Husflidslag | 0 | 0 | |
| Møre og Romsdal | Asbjørn Hjertvik | Seniordans Norge | 66 156 | 87 858 | |
| Sør-Trøndelag | May Synnøve Selbekk | Norges Husflidslag | 0 | 0 | May Synnøve Selbekk |
| Nord-Trøndelag | Tove Solvang Rian | Norges Husflidslag | 78 077 | 51 103 | Elin Søtvik Johannesen |
| Nordland | Inger Larsen | Norges Husflidslag | 0 | 0 | Svenn Holdahl |
| Troms | Astrid Isaksen | Norges Husflidslag | 28 300 | 54 348 | Johanne Kjeldsberg |
| Finnmark | Anne-Karin Jungård | Norges Husflidslag | 47 961 | 53 327 | |
| **SUM** | | | **694 730** | **707 877** | |

# ØSTFOLD

*Organisasjonsnummer: 997743091*

*Styremedlemmar:*

› Bjørg Lundeby, Norges Husflidslag
› Hilde Lindemann, Norges Husflidslag
› Ragnhild Alm Kragen, Seniordans Norge
› Gro Staal Martinsen, Norges Husflidslag
› Randi Myrvang, Seniordans Norge

Studieforbundet kultur og tradisjon i Østfold mottok 44.674,- kroner i tilskot frå Østfold fylkeskommune i 2017. Dette er ein liten oppgang på 2.242,- kroner frå i 2016. Det er auke i kurs, deltakarar og kurstimar i 2017, så vel som i 2016. Medlemsorganisasjonane mottok gjennom Studieforbundet kultur og tradisjon 488.782,- kroner i statleg støtte til kurs og opplæring i Østfold i 2017.
Bjørg Lundeby representerte Studieforbundet kultur og tradisjon i Østfold i styret i VOFO Østfold i 2017.
Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Østfold:

Bjørg Lundeby representerte Studieforbundet kultur og tradisjon i Østfold i styret i VOFO Østfold i 2016.

*Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Østfold:*

| | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| 2017 | 228 | 7 032 | 1 648 | 488 782 |
| 2016 | 210 | 6 060 | 1 491 | 412 809 |

# AKERSHUS

*Organisasjonsnummer: 997671635*

*Styremedemmar:*

› Anne Langøy, Norges Husflidslag
› Anne Marie Madssveen, Norges Husflidslag
› Gunnar Høiås, Seniordans Norge
› Olav Broen, Seniordans Norge
› Inger Sjøberg, Norges Husflidslag

Studieforbundet kultur og tradisjon i Akershus mottok 125.336,- kroner i tilskot frå Akershus fylkeskommune i 2017. Dette er ei auke frå 2016, ei auke på heile 9386,- kroner. Talet på kurs har hatt ein liten nedgang, og det same gjeld deltakarar. Medlemsorganisasjonane mottok 1.965.681,- kroner i statleg støtte gjennom Studieforbundet kultur og tradisjon til kurs og opplæring i Akershus i 2017.

Studieforbundet kultur og tradisjon i Akershus har ikkje hatt styrerepresentasjon i VOFO Akershus i 2017.
Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Akershus:

*Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Akershus:*

| | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| 2017 | 802 | 27 310 | 5 544 | 1 965 681 |
| 2016 | 899 | 30 050 | 5 506 | 2 223 873 |

# OSLO

*Organisasjonsnummer: 999137474*

*Styremedlemmar:*
Jeanette Ajer, Norges Husflidslag
Ellen Rygh, Norges Husflidslag

Studieforbundet kultur og tradisjon i Oslo mottok ikkje tilskot frå Oslo fylkeskommune i 2017. Studieforbundet mottok heller ikkje støtte i 2016. Mengde kurs i fylket er gått litt ned i 2017 etter ein liten oppsving året før. Mengde deltakarar går og ned. Medlemsorganisasjonane mottok 598.520,- kroner gjennom Studieforbundet kultur og tradisjon i statleg støtte til kurs og opplæring i Oslo i 2017. Studieforbundet kultur og tradisjon i Oslo har hatt Jeanette Ajer som styremedlem i VOFO Oslo i 2017.

Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Oslo:

*Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Oslo:*

| | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| 2017 | 160 | 6569 | 1 169 | 598 520 |
| 2016 | 201 | 8 080 | 1 476 | 752 792 |

# HEDMARK

*Organisasjonsnummer: 997111273*

*Styremedlemmar:*
› Arild Larsen, Norges Husflidslag
› Inger Maria Sundal, Norges Husflidslag
› Ola Lilleåsen, Noregs Ungdomslag
› Kåre Opheim, Seniordans Norge

Studieforbundet kultur og tradisjon i Hedmark mottok 61.310,- kroner i tilskot frå Hedmark fylkeskommune i 2017. I 2016 mottok Studieforbundet 82.975,- kroner frå fylket. Dette er ein betydeleg nedgang på heile 21.665,- til tross for at mengde kurs, timar og deltakarar har hatt ein oppgang i 2017.
Medlemsorganisasjonane mottok 630.601,- kroner gjennom Studieforbundet kultur og tradisjon i statleg støtte til kurs og opplæring i Hedmark i 2017. Studieforbundet kultur og tradisjon i Hedmark var representert ved Inger Maria Sundal i styret i VOFO Hedmark i 2017.

*Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Hedmark:*

| | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| 2017 | 355 | 9 554 | 2 491 | 630 601 |
| 2016 | 348 | 9 030 | 2 420 | 615 896 |

# OPPLAND

*Organisasjonsnummer: 897843862*

*Styremedlemmar:*
› Brita Rusten Åmot, Norges Husflidslag

Studieforbundet kultur og tradisjon i Oppland mottok ikkje tilskot frå Oppland fylkeskommune i 2017. Studieforbundet mottok heller ikkje støtte i 2016. Det er framleis ein nedgang på mengde kurs, timar og deltakarar i Oppland. Medlemsorganisasjonane mottok 861.917,- kroner gjennom Studieforbundet kultur og tradisjon i statleg støtte til kurs og opplæring i Oppland i 2017. Brita Rusten Åmot representerer Studieforbundet kultur og tradisjon i Oppland i styret i VOFO Oppland i 2017.

*Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Oppland:*

| | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| 2017 | 368 | 10 925 | 2 903 | 861 917 |
| 2016 | 372 | 11 284 | 2 916 | 966 871 |

# BUSKERUD

*Organisasjonsnummer: 994481851*

*Styremedlemmar:*
› Rita Vistad, Norges Husflidslag
› Randi Jensen, Norges Husflidslag
› Rønnaug Ust, Seniordans Norge
› Marianne Ljosåk, Norges Husflidslag

Studieforbundet kultur og tradisjon i Buskerud mottok 61.470,- kroner i tilskot frå Buskerud fylkeskommune i 2017. I 2016 mottok Studieforbundet 76.500,- i tilskot. Studieforbundet har halde fram med god utvikling, og fått ei enda større auke enn frå 2015 til 2016 i arrangerte kurs, samt ei god auke i timetal og deltakarar. Medlemsorganisasjonane mottok 485.478,- kroner gjennom Studieforbundet kultur og tradisjon i statleg støtte til kurs og opplæring i Buskerud i 2017.
Studieforbundet kultur og tradisjon i Buskerud var representert ved Rita Vistad i VOFO Buskerud i 2017.

*Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Buskerud:*

| | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| 2017 | 223 | 6 153 | 1 819 | 485 478 |
| 2016 | 173 | 4 403 | 1 341 | 356 022 |

# VESTFOLD

*Organisasjonsnummer: 990624984*

*Styremedlemmar:*
› Inger Brynhildsen, Norges Husflidslag

Studieforbundet kultur og tradisjon i Vestfold mottok heller ikkje i 2017 tilskot frå Vestfold fylkeskommune. Det same var tilfelle i 2016. Det har derimot vore ei positiv auke i kursmengde, timar og deltakarar i 2017, og medlemsorganisasjonane mottok 1.047.657,- kroner gjennom Studieforbundet kultur og tradisjon i statleg støtte til kurs og opplæring i Vestfold dette året. Studieforbundet kultur og tradisjon i Vestfold har hatt styrerepresentasjon i VOFO Vestfold ved Kari Lie (SKT Telemark) i 2017.

*Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Vestfold:*

| | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| 2017 | 361 | 12 834 | 3.217 | 1 047 657 |
| 2016 | 302 | 11 028 | 2.656 | 934 083 |

# TELEMARK

*Organisasjonsnummer: 997466802*

*Styremedlemmar:*
› Kari Lie, Noregs Ungdomslag
› Solveig Myrtrøen, Norges Husflidslag
› Else Prestvik, Seniordans Norge
› Ingrid Venanger, Slekt og data

Studieforbundet kultur og tradisjon i Telemark mottok 19.600,- kroner i tilskot frå Telemark fylkeskommune i 2017. Nøyaktig det same som i 2016. Studieforbundet i Telemark har hatt ei auke i kursmengde, timar og deltakarar også i 2017. Medlemsorganisasjonane mottok 719.294,- kroner gjennom Studieforbundet kultur og tradisjon i statleg støtte til kurs og opplæring i Telemark i 2017. Kari Lie representerer Studieforbundet kultur og tradisjon Telemark i VOFO Telemark i 2017.

*Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Telemark:*

| | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| 2017 | 207 | 7 097 | 1.909 | 719 294 |
| 2016 | 189 | 6.002 | 1.557 | 494.609 |

# AUST-AGDER

*Organisasjonsnummer: 998065593*

*Styremedlemmar:*
› Bente Hove Lyding, Norges Husflidsla
› Aud Kari Olsbu, Norges Husflidslag)
› Magne Blågestad, Noregs Ungdomslag
› Halfdan Mørland, Slekt og Data

Studieforbundet kultur og tradisjon i Aust-Agder fekk i 2017 101.200,- kroner i støtte frå fylkeskommunen, ei god auke ifrå året før. Det har vore nedgang i kurstimar, medan mengde kurs og deltakarar har gått noko opp i høve til i 2016. Medlemsorganisasjonane mottok 319.940,- kroner gjennom Studieforbundet kultur og tradisjon i statleg støtte til kurs og opplæring i Aust-Agder i 2017.

*Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Aust-Agder:*

| | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| 2017 | 122 | 3 612 | 1 226 | 319 940 |
| 2016 | 118 | 4 755 | 1 219 | 414 555 |

# VEST-AGDER

*Organisasjonsnummer: 898196992*

*Styremedlemmar:*
› Kari Mysen, Noregs Ungdomslag
› Turid K. Eikt, Norges Husflidslag
› Kathrine H. Bringsdal, Norges Husflidslag
› Tor Steinar Fromreide, Norges Ungdomslag

Studieforbundet kultur og tradisjon i Vest-Agder mottok heller ikkje tilskot frå Vest-Agder fylkeskommune i 2017, som også var situasjonen i 2016. Mengde kurs og timar har auka, medan deltakartalet har gått noko ned i 2017. Medlemsorganisasjonane mottok 283.370,- kroner gjennom Studieforbundet kultur og tradisjon i statleg støtte til kurs og opplæring i Vest-Agder i 2017. Borghild Løver representerte Studieforbundet kultur og tradisjon i Vest-Agder i styret i VOFO Agder i 2017.

*Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Vest-Agder:*

| | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| 2017 | 146 | 3 893 | 1 292 | 283 370 |
| 2016 | 126 | 3 543 | 1 135 | 277 727 |

# ROGALAND

*Organisasjonsnummer: 997645227*

*Styremedlemmar:*

- Kristin B. Rasmussen, Norges Husflidslag
- Einar Heien, Seniordans Norge
- Anne Margrethe Myhre, Norges Husflidslag

Studieforbundet kultur og tradisjon i Rogaland mottok 23.860,- kroner i tilskot frå Rogaland fylkeskommune i 2017. Fylkeskommunen i Rogaland har ikkje gjeve tilskot korkje i 2015 eller 2016. Kurstalet har vore stabilt, medan timar og deltakarar har hatt ei lita auke i 2017. Medlemsorganisasjonane mottok 611.632,- kroner gjennom Studieforbundet kultur og tradisjon i statleg støtte til kurs og opplæring i Rogaland i 2017.
Synnøve Gran Sørskår har vore representant i VOFO Rogaland i 2017.

*Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Rogaland:*

| | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| 2017 | 300 | 8 516 | 2 251 | 611 532 |
| 2016 | 301 | 8 736 | 2 190 | 641 911 |

# HORDALAND

*Organisasjonsnummer: 997898036*

*Styremedlemmar:*

- Gunn Hauge, Norges Husflidslag
- Brita Hekland, Norges Husflidslag
- Torgeir Evjen, Forbundet KYSTEN
- Hanne Y. Aadland, Noregs Ungdomslag
- Bjørg Haukeland Gravdal, Seniordans Norge

Studieforbundet kultur og tradisjon i Hordaland mottok 36.786,- kroner i tilskot frå Hordaland fylkeskommune i 2017. I 2016 var tilskotet 40.484,- kroner. Studieforbundet har hatt ei stabilt kurstal, medan timar og deltakarar sank noko i 2017. Medlemsorganisasjonane mottok 933.361,-kroner i 2017 gjennom Studieforbundet kultur og tradisjon i statleg støtte til kurs og opplæring i Hordaland. Bjørg Haukeland Gravdal representerte Studieforbundet kultur og tradisjon i Hordaland i styret i VOFO Hordaland i 2017.

*Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Hordaland:*

| | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| 2017 | 428 | 11 574 | 3 134 | 933 361 |
| 2016 | 428 | 12 875 | 3 279 | 1 084 149 |

# SOGN OG FJORDANE

*Organisasjonsnummer: 998462487*

*Styremedlemmar:*

- Synøve E. Vadøy, Norges Husflidslag
- Olaug B. Gjengedal, Seniordans Norge
- Inge Masdal, Noregs Ungdomslag

Studieforbundet kultur og tradisjon i Sogn og Fjordane mottok ikkje tilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2017. Fylkeskommunen ga heller ikkje tilskot i 2016. Medlemsorganisasjonane mottok 305.295,- kroner gjennom Studieforbundet kultur og tradisjon i statleg støtte til kurs og opplæring i Sogn og Fjordane i 2017. VOFO Sogn

og Fjordane vart avvikla i november 2015, slik har det ikkje vore nokon representant frå Studieforbundet kultur og tradisjon sidan.

*Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Sogn og Fjordane:*

| | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| 2017 | 138 | 3 892 | 1 439 | 305 295 |
| 2016 | 124 | 3 366 | 1 357 | 290 268 |

# MØRE OG ROMSDAL

*Organisasjonsnummer: 989367722*

*Styremedlemmar:*
› Asbjørn Hjertvik, Seniordans Norge
› Hilde Bøhn, Norges Husflidslag
› Åge Nortun, DIS-Norge
› Odd Geir Løvold, Noregs Ungdomslag
› Marianne Fivelstad, Noregs Ungdomslag

Studieforbundet kultur og tradisjon i Møre og Romsdal mottok 66.156,- kroner i tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune i 2017. Ein nedgang på 21.702,- kroner frå 2016. Både mengde kurs, timar og deltakarar har hatt ei auke i 2017. Medlemsorganisasjonane mottok 625.931,- kroner gjennom Studieforbundet kultur og tradisjon i statleg støtte til kurs og opplæring i Møre og Romsdal i 2017. Studieforbundet kultur og tradisjon i Møre og Romsdal har ikkje hatt nokon representant i VOFO Møre og Romsdal for 2017.

*Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Møre og Romsdal:*

| | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| 2017 | 290 | 7 814 | 2 549 | 625 931 |
| 2016 | 284 | 7 438 | 2 523 | 630 579 |

# SØR-TRØNDELAG

*Organisasjonsnummer: 997695291*

*Styremedlemmar:*
› May Synnøve Selbekk, Norges Husflidslag
› Brynhild Aftret, Landslaget for lokalhistorie
› Ola Lilleøkdal, Seniordans Norge

Studieforbundet kultur og tradisjon i Sør-Trøndelag mottok ikkje tilskot frå Sør-Trøndelag fylkeskommune i 2017. Fylkeskommunen gav heller ikkje tilskot i 2016. Både kursmengde, timar og deltakarar har hatt ei auke 2017. Medlemsorganisasjonane mottok 930.946,- kroner gjennom Studieforbundet kultur og tradisjon i statleg støtte til kurs og opplæring i Sør-Trøndelag i 2017.

*Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Sør-Trøndelag:*

| | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| 2017 | 310 | 11 371 | 2 803 | 930 946 |
| 2016 | 289 | 9 443 | 2 795 | 809 734 |

# NORD-TRØNDELAG

*Organisasjonsnummer: 984208006*

*Styremedlemmar:*
› Tove Solvang Rian, Norges Husflidslag
› Dagrun Gravbrøt, Seniordans Norge
› Bjørnar Gulstad, Noregs Ungdomslag
› Elin Søtvik Johannesen, Norges Husflidslag

Studieforbundet kultur og tradisjon i Nord-Trøndelag mottok 78.077,- kroner i tilskot frå Nord-Trøndelag fylkeskommune i 2017, ein oppgang på 26.974,- i høve til 2016. Mengde kurs og timar har hatt ein nedgang, det same gjeld for talet på deltakarar. Medlemsorganisasjonane mottok 405.325,- kroner gjennom Studieforbundet kultur og tradisjon i statleg støtte til kurs og opplæring i Nord-Trøndelag i 2017.

Elin Søtvik Johannesen har representert Studieforbundet kultur og tradisjon i Nord-Trøndelag i VOFO Nord-Trøndelag i 2017.

*Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Nord-Trøndelag:*

| | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| 2017 | 178 | 4 837 | 1 464 | 405 325 |
| 2016 | 208 | 6 873 | 1 491 | 569 524 |

# NORDLAND

*Organisasjonsnummer: 999563430*

*Styremedlemmar:*
› Inger Larsen, Norges Husflidslag
› Svenn Holdahl, Norges Husflidslag
› Frode Moen, Noregs Ungdomslag
› Pia Birgitte Jessen, HATS
› Edith Eliassen, Seniordans Norge

Studieforbundet kultur og tradisjon i Nordland mottok ikkje tilskot frå Nordland fylkeskommune i 2017. I 2016 var det heller ikkje utbetalt tilskot frå fylket. Det har vore ei auke både i kurs, kurstimar og deltakarar i 2017. Medlemsorganisasjonane mottok 661.088,- kroner gjennom Studieforbundet kultur og tradisjon i statleg støtte til kurs og opplæring i Nordland i 2017. Svenn Holdahl har representert Studieforbundet kultur og tradisjon i VOFO Nordland i 2017.

*Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Nordland:*

| | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| 2017 | 308 | 9 639 | 2 180 | 661 088 |
| 2016 | 282 | 9 013 | 2 158 | 635 160 |

# TROMS

*Organisasjonsnummer: 997971833*

*Styremedlemmar:*
› Astrid Isaksen, Norges Husflidslag
› Nelly Zakariassen, Norges Husflidslag
› Johanne Kjeldsberg, HATS
› Audhild Myrvoll, Seniordans Norge
› Asbjørg Botolfsen, Noregs Ungdomslag

Studieforbundet kultur og tradisjon i Troms mottok 28.300,- kroner i tilskot frå Troms fylkeskommune i 2017, nesten ei halvering i høve til 2016, med ein nedgang på 25.048,- kroner. Kursaktiviteten, timar og deltakarar er stabilt. Medlemsorganisasjonane mottok 540.400,- kroner gjennom Studieforbundet kultur og tradisjon i statleg støtte til kurs og opplæring i Troms i 2017. Johanne Kjeldsberg har representert Studieforbundet kultur og tradisjon i styret i VOFO Troms i 2017.

*Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Troms:*

| | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| 2017 | 249 | 6 855 | 1 766 | 540 400 |
| 2016 | 270 | 7 145 | 1 983 | 582 571 |

# FINNMARK

*Organisasjonsnummer: 920503810*

*Styremedlemmar:*
› Anne Karin Jungård, Norges Husflidslag
› Svein Thomassen, Noregs Ungdomslag
› Elizabeth Hannevig Karlsen, Seniordans Norge
› Irene Nordhaug Hansen, HATS

Studieforbundet kultur og tradisjon i Finnmark mottok 47.961,- kroner i tilskot frå Finnmark fylkeskommune i 2017. I 2016 har Studieforbundet fått 53.327,- kroner i tilskot frå fylket. I Finnmark har kursaktiviteten auka betrakteleg, med bortimot dobling av kurs og deltakarar, og meir enn dobling av kurstimar. Medlemsorganisasjonane mottok 182.704,- kroner gjennom Studieforbundet kultur og tradisjon i statleg støtte til kurs og opplæring i Finnmark i 2016. Studieforbundet kultur og tradisjon i Finnmark var representert ved Kari Skadsem i VOFO Finnmark i 2017.

***Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Finnmark:***

| | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| 2017 | 87 | 2083 | 603 | 182 704 |
| 2016 | 45 | 993 | 375 | 79.760 |



FRÅ BUNADOPPLÆRINGA. FOTO ANNE SILJE BERG

# STUDIEFORBUNDET ER 20 ÅR

Studieforbundet kultur og tradisjon er ein symbolorganisasjon når det gjeld frivillig flytting ut av storbyen. I år feirar "kjerringa mot straumen" 20 år," skreiv lokalavisa Norddalen om oss i høve vår markering av fjorårets 20-årsjubileum lokalt på kontoret i Vågå.

Studieforbundet vårt slik vi kjenner det i dag, vart etablert i desember 1997. Den gongen var det fire medlemsorganisasjonar og Kjærsti Gangsø var den fyrste tilsette. Da familien Gangsø ville ut av byen, vart det på spøk forslått at Studieforbundet kunne følgje med slik at ho slapp å slutte. Den tanken gav dei ikkje heilt slepp på, og det heile enda med at dei tilsette sprekt og friskt gav seg med til Vågå i 2001. Da hadde Studieforbundet 12 medlemsorganisasjonar. I dag har det talet vakse til 46, og Studieforbundet har seks tilsette.

20års-jubileet vart markert på fleire arenaer, i etappar og som små drypp gjennom heile året. Vi stilte i høve jubileet i Vågå kommunestyre. Utanom markering lokalt på Vågå Næringshage, hadde vi ein følgjetong på facebook, med konkurransar, gode læringshistorier og attendeblikk gåande gjennom heile året.

I samband med årsmøtet arrangerte vi festmiddag for årsmøtedeltakarar og inviterte gjestar, og som det sømmer seg, hadde vi ballongar, kake, song og feiring under årsmøtet.

Vi la opp til eit framtidsseminar med Eirik Newth som ein del av 20-årsjubileet vårt. Dette måtte vi dessverre utsetje. Seminaret er nå sett opp våren 2018 med Erik F. Øverland som innleiar.

BILETE TIL HØGRE: KONKURRANSAR OG FEIRING I HØVE STUDIEFORBUNDETS 20-ÅRSJUBILEUM







# – Ein symbolorganisasjon



Studieforbundet kultur og tradisjon

I dag er det igjen den 20. og vi markerer Studieforbundets 20 år med litt statistikk.




... dag er det igjen den 20. og vi markerer Studieforbundets 20 år med en liten konkurranse. Svar på disse 3 spørsmålene i kommentarfeltet under og ... ved trekning av et gavekort på et kurs (opp til 2 000 kroner). Vinneren ... velge mellom kurs arrangert hos en av våre medlemsorganisasjoner eller i deres lokallag.

Spørsmål:

- Hva er telefonnummeret til Studieforbundet?
- Hvor mange medlemsorganisasjoner har Studieforbundet?
- Skriv navnet på en av Studieforbundets medle...








Studieforbundet kultur og tradisjon

I dag er det igjen den 20. og vi markerer Studieforbundets 20 år med et lite tilbakeblikk.
Det er mye fint man finner når man mimrer 20 år tilbake. Her er noen bilder og tilbakeblikk fra våre 20 år. Kanskje kjenner du deg selv eller noen andre igjen?






# Bursdag med kake, taler og song





TEATER HOTPOT MED INSTRUKTØR GRO D[illegible] "NY SVEIS".

# RAPPORTERING TIL KOMPETANSE NORGE 2017

Rundskriv F-16-09 seier at «I årsberetningen skal studieforbundene blant annet rapportere om forhold knyttet til oppfyllelsen av de overordnede målene fastsatt i voksenopplæringslovens §4.»

Studieforbunda skal drive opplæringsaktiviteten sin på grunnlag av følgjande overordna mål:

A) Å bidra til å vedlikehalde og styrke demokratiet, og legge grunnlag for bærekraftig utvikling ved å engasjere og utvikle aktive medborgarar.
B) Å gjere det mogleg for menneske å påverke eigen livssituasjon.
C) Å nedkjempe utstøyting og bidra til inkludering.
D) Å bidra til motivasjon og tilgang til kunnskap og kompetanse for alle, og slik møte behov i eit samfunn og arbeidsliv i stadig endring.
E) Å styrke kulturelt mangfald og auke deltaking i kulturlivet.
F) Å vere ein sjølvstendig arena for læring og eit supplement til offentlege utdanningstilbod for vaksne.

Studieforbundets verksemd og dei overordna måla
Studieforbundets formål og profil
Formålet er "Det skal vere mogleg for alle som bur i Noreg å bli kjent med og lære kulturuttrykk og folkelege tradisjonar i skapande og trygge fellesskap" står fast. Vi jobbar for å skape kvalitativt god opplæring for alle innanfor kultur og tradisjonsfeltet.

*Studieforbundets-/medlemsorganisasjonanes målgrupper*
I formålet heiter det "det skal vere mogleg for alle". Handlingsplanen for 2015-2017 forsterkar tiltak knytt til at kursverksemda skal bli meir inkluderande og nå ei meir mangfaldig målgruppe. Delar av denne verksemda krev tilrettelegging, og vi rapporterer auka kursaktivitet med tilretteleggingstilskot 2017.

*Tema i studieforbundets-/medlemsorganisasjonanes opplæringsverksemd*
Fleirtalet av kursa er innanfor estetiske fag. Dei store fagområda er framleis tekstil, teater og dans. Våre nye medlemsorganisasjonar har med seg ein litt annen kurs-portefølje inn i organisasjonen. Blant anna har vi utvikla nye studieplanar og gjeve støtte til fleire kurs innan emna friluftsliv, miljøvern, jord og hagebruk.

*Val av arbeidsformar i opplæringsverksemda*
Kursa varierer i form, omfang og djupne. På lokalt nivå har vi gjerne flest kortare kurs, som tek for seg teknikkar, øving og resultat. I fylkesledd og sentralledd, samt gjennom Studieforbundet, har vi gjerne kurs med større fagleg tyngde og omfang, som fagleg påfyll til erfarne eldsjeler/tillitsvalde og kurslærarar.

Eit eige strategidokument for studieforbundet
Studieforbundets årsmøte vedtar 3-årig strategi- og verksemdsplan.

## RAPPORTERING TIL KOMPETANSE NORGE 2017 FORTS.

### MÅLOPPNÅING OG ENDRINGAR I 2017

Skildre konkrete satsingar/mål sett i verk i 2017 som er knytt til måla

*Tiltak for å nå nye målgrupper.*

Rekrutteringskampanjen "Krik og krok" vart i starta opp for å nå nye målgrupper gjennom å starte kurs i nye kommunar. Dette lykkast vi med, og kan rapportere kursverksemd i fem fleire kommunar enn i 2016. Det har vore ei jamn auke dei siste åra. For å hindre utanforskap har vi og jobba med å nå personar som ikkjeMåloppnåing og endringar i 2017

Skildre konkrete satsingar/mål sett i verk i 2017 som er knytt til måla

*Tiltak for å nå nye målgrupper*

Rekrutteringskampanjen "Krik og krok" vart i starta opp for å nå nye målgrupper gjennom å starte kurs i nye kommunar. Dette lykkast vi med, og kan rapportere kursverksemd i fem fleire kommunar enn i 2016. Det har vore ei jamn auke dei siste åra. For å hindre utanforskap har vi og jobba med å nå personar som ikkje enkelt sjølve finn fram til kursverksemda vår. Her lykkast vi og i nokon grad, og aukar tal på kurs med tilrettelegging.

*Tiltak for å utvikle nye kurstilbod/tema*

Hausten 2017 starta vi den nasjonale kursrekka "Trebåtbyggjar", som følgjer offentleg læreplan VG3 opplæring i bedrift, og skal gjere deltakarane i stand til å ta sveineprøve. Den nasjonale kursrekka Scenerom var eit 3-årig utviklingsprosjekt som er gjennomført og evaluert, og står i ny form frå 2018. Studieforbundet har saman med lokale arrangørar utvida Kompetanseplusss Frivillighet og gjennomførte 5 kurs i 2017, mot 2 i 2016.

*Tiltak for å utvikle nye arbeidsformar*

Vi har under nye arbeidsformar utvikla fleire type kurs gjennom kompetanseplussordninga. Ved bruk av til dømes teater, handverksteknikkar, matkultur, eller andre kulturaktivitetar, tek vi i bruk praktiske aktivitetar som metode for systematisk og målretta språkopplæring. Dette har resultert i kurs som Søm på norsk, Ull på norsk, Manus på norsk, Mat på norsk og Kultur på norsk.

*Tiltak for å prioritere tilskot*

Studieforbundet har hatt mange og lange diskusjonar om å differensiere tilskotet for å svare på Statens etterspurnad etter prioritering. Vi har desse prioriteringane:

› Det blir gjennomført ulikt tilskot på kurstimar med og utan lærar
› Medlemsorganisasjonane får kompetansehevingstilskot for å jobbe med fagleg utvikling av eigen kursverksemd
› Det er sett tak på omfang kurs/kurstimar som får tilskot knytt til teaterproduksjonane.

- Tilretteleggingstilskotet blir nytta til å dekke ekstra kostnadar og for å fjerne opplæringshindringar, herunder frivillig innsats som må til for at kurset kan gjennomførast (transport, assistentar mm)
- Det vart gjort ytterlegare prioritering ved å auke tilskotssatsen til dei nasjonale kursrekkene gjennomført i samarbeid mellom Studieforbundet og medlemsorganisasjonane. Dette er svært kostbare kurs der det ikkje vil vere mogleg at deltakaravgifta skal dekkje alle kostnader.

*Tiltak for å gjøre mål kjent i organisasjonen*
Studieforbundet deltok på 19 samlingar med arrangørar og/eller kurslærarar. Dei overordna måla er alltid tema. Måla er og på nettsida, i presentasjonsbrosjyrar, og i årsmeldinga gjennom denne rapporten.

*Kva for resultat er viktige i høve til å oppfylle dei overordna måla?*
Auke i tal på kursarrangørar, kurs, kursdeltakarar og kurskommunar betyr at kursa totalt når fleire. I tillegg vil vi trekkje fram auke i kurs med tilrettelegging, at vi utviklar dei landsdekkjande kursa som byggjer på offentleg læreplan og at vi aukar mengda Kompetansepluss Frivillighet-kurs. Brukarundersøking avdekte at Studieforbundet er aktive og godt synlege for arrangørar og kursdeltakarar, med kurs som skårar 4,35 – 4,63 (der fem er høgast skår), innanfor kategoriane service, informasjon, samt kor vidt vi held lærerike og meiningsfulle kurs.

## VERKSEMDA SOM IKKJE BLIR RAPPORTERT TIL SSB (POST 70), MEN SOM LIKEVEL ER RELEVANT I HØVE TIL DEI OVERORDNA MÅLA

*Skildre tiltak og finansieringskjelde*
Studieforbundet er medeigar i Handverksskolen, som er godkjent etter privatskulelova, og tilbyr årskurs VG2 smed, VG2 treskjering og VG2byggteknikk. Skulen er finansiert av eigenbetaling og statstilskot.
Studieforbundet har saman med lokale lag gjennomført 5 Kompetansepluss Frivillighet-kurs. Desse kursa har særskilt finansiering frå Kompetanse Norge.

*I kva grad blir denne type aktivitet vurdert å ha samanheng med aktivitet som blir rapportert til SSB?*
Ingen finansiell og organisatorisk samanheng mellom Handverkskolen og kursverksemda som blir rapportert, men viktig for å rekruttere fagfolk og på den måten bidra til fleire og betre kurs i organisasjonane. Utan stødige kurstilbydarar med tilskot frå Studieforbundet, ville vi ikkje hatt moglegheit til å gjennomføre Kompetansepluss Frivillighet-kursa. Her er det ein klar samanheng, fordi det er same lag som dels har vanlege kurs med opplæringstilskot og/eller tilretteleggingstilskot og dels tek steget og er medarrangørar av Kompetansepluss Frivillighet-kurs.

# RESULTATREGNSKAP 2017

*Studieforbundet kultur og tradisjon*

| | Note | Rekneskap 2017 | Rekneskap 2016 | Budsjett 2017 |
|---|---|---|---|---|
| **DRIFTSINNTEKTER** | | | | |
| OpplæringstilskoyKompetanse Norge | | 17 249 042 | 17 251 040 | 17 200 290 |
| TilretteleggingstilskotKompetanse Norge | | 313 348 | 221 111 | 313 348 |
| Grunntilskot Kompetanse Norge | | 1 500 000 | 1 500 000 | 1 500 000 |
| Andre inntekter | 1 | 3 119 561 | 2 894 606 | 2 613 000 |
| **SUM DRIFTSINNTEKTER** | | **22 181 952** | **21 866 757** | **21 626 638** |
| | | | | |
| **DRIFTSKOSTNADER** | | | | |
| Lønn | 5 | 3 529 669 | 3 613 010 | 3 895 000 |
| Avskrivninger | 6 | 38 906 | 61 800 | |
| Andre driftskostnader | | 1 180 517 | 1 113 013 | 1 153 000 |
| Reise/ møtekostnader | | 709 947 | 768 814 | 600 000 |
| Kursstøtte/prosjekt | 2 | 16 687 986 | 16 611 185 | 16 051 400 |
| **SUM DRIFTSKOSTNADER** | | **22 147 025** | **22 167 822** | **21 699 400** |
| | | | | |
| **DRIFTSRESULTAT** | | 34 927 | -301 065 | -73 062 |
| | | | | |
| **FINANSKOSTNADER/ FINANSINNTEKTER** | | | | |
| Bankomkostningar | | | 0 | |
| Renteinntekter | | 73 612 | 75 476 | 75 000 |
| **SUM FINANSKOSTNADER/ FINANSINNTEKTER** | | **73 612** | **75 476** | **75 000** |
| | | | | |
| **RESULTAT ETTER FINANSPOSTER** | | **108 539** | **-225 589** | **1 938** |
| | | | | |
| **ÅRETS RESULTAT** | | **108 539** | **-225 589** | **1 938** |

# BALANSE 2017

*Studieforbundet kultur og tradisjon*

| | Note | 2017 | 2016 |
|---|---|---|---|
| Eigedelar | | | |
| ANLEGGSMIDDEL | | | |
| Inventar | 6 | 191 975 | 230 881 |
| Sum anleggsmiddel | | 191 975 | 230 881 |
| | | | |
| OMLØPSMIDDEL | | | |
| Likvider | 3 | 5 600 553 | 5 339 849 |
| Aksjar | | 60 000 | 50 000 |
| Kundefordringar | | 40 470 | 97 534 |
| Sum omløpsmiddel | | 5 701 023 | 5 487 383 |
| | | | |
| SUM EIGENANDEL | | 5 892 998 | 5 718 264 |
| | | | |
| GJELD OG EIGENKAPITAL | | | |
| EIGENKAPITAL | | | |
| Anna eigenkapital | | 1 425 104 | 1 650 693 |
| Årets resultat | | 108 539 | -225 589 |
| Sum anna eigenkapital | | 1 533 643 | 1 425 104 |
| | | | |
| SUM EGENKAPITAL | | 1 533 643 | 1 425 104 |
| | | | |
| KORTSIKTIG GJELD | | | |
| Levrandørgjeld/ kursstøtte | 4 | 3 760 684 | 3 451 998 |
| Offentlege trekk og avgifter | | 233 592 | 234 800 |
| Anna kortsiktig gjeld | | 365 078 | 606 362 |
| SUM KORTSIKTIG GJELD | | 4 359 355 | 4 293 160 |
| | | | |
| SUM GJELD OG EIGENKAPITAL | | 5 892 998 | 5 718 264 |

Vågå 01.03.2018

Kjersti Gangsø
Dagleg leiar

Eli Ulvestad
Styreleiar

Solveig Torgersen Grinder
Nestleiar

John Elvestad
Styremedlem

Torbjørn Bergwitz Lauen
Styremedlem

Anne Lise Olsen
Styremedlem

Frode A Rismyhr
Styremedlem

Linda Thiis
Styremedlem

| Note 1 Diverse inntekter | 2017 | 2016 |
|---|---|---|
| Bunadopplæringa | 541 190 | 314 750 |
| Vevopplæringa | 225 830 | 151 650 |
| Trebåtbyggeropplæringa | 126 000 | 0 |
| Tilskot Justisdepartementet, fengselskurs | 100 000 | 168 750 |
| Tilskot Kulturdepartementet teaterinstruktøropplæring | 675 000 | 750 000 |
| TREseminaret | 600 580 | 558 309 |
| Refusjon VOFO Oppland, vofokonsulent | 307 328 | 206 785 |
| Oppland Fylkeskommune, flyktning som ressurs som | 100 000 | 200 000 |
| Kompetansepluss, frivillighet | 152 400 | 52 000 |
| Diverse | 291 233 | 492 362 |
| **sum** | **3 119 561** | **2 894 606** |

| Note 2 Kurs og prosjekt | | |
|---|---|---|
| Kurstilskot | 12 597 922 | 12 807 253 |
| Tilretteleggingstilskot | 351 446 | 427 155 |
| Kompetanseheving medlemsorganisasjonane | 1 183 400 | 1 198 734 |
| Bunadopplæringa | 427 190 | 226 561 |
| Vevopplæringa | 313 716 | 166 312 |
| Trebatbyggeropplænnga | 130 973 | 0 |
| Teaterinstruktøropplæringa | 724 098 | 824 676 |
| TREseminaret | 600 580 | 558 376 |
| Kompetanse pluss frivillighet | 141 325 | |
| Diverse | 217 336 | 402 118 |
| **Sum** | **16 687 986** | **16 611 185** |

**Note 3 Likvider**

I posten inngår bunde bankinnskot kr. 138 884

**Note 4 Kurs**

Kr 3 588 975 er kurstilskot som ikkje er utbetalt per 31.12.17

| Note 5 Lønnskostnader | | 2017 | 2016 |
|---|---|---|---|
| Lønn og feriepengar | | 2 678 285 | 2 876 338 |
| Arbeidsgivaravgift | | 221 102 | 209 034 |
| Andre personalkostnader | | 153 424 | 126 080 |
| Pensjonskostnader | | 476 858 | 401 558 |
| Sum | | 3 529 669 | 3 613 010 |
| Gjennomsnittleg antall årsverk | 5,2 | | |

| Ytelse til leiande personar | Dagleg leiar | Styret | Styret |
|---|---|---|---|
| Lønn | 764 456 | 85 500 | 74 000 |
| Pensjonsutgifter | 121 698 | | |
| Anna godtgjering | 9 070 | | |

| Note 6 Driftsmiddel | Driftsmiddel, inventar | Kursprogram | Sum |
|---|---|---|---|
| Anskaffelseskost pr 1/1 | 208 335 | 309 375 | 517 710 |
| + Tilgang | | | 0 |
| = Anskaffelseskost 31/12 | 208 335 | 309 375 | 517 710 |
| Akkumulerte avskrivningar 31/12 | 202 135 | 123 600 | 325 735 |
| = Bokført verdi 31/12 | 6 200 | 185 775 | 191 975 |

3

| Årets ordinære avskrivningar | 8 006 | 30 900 | 38 906 |
|---|---|---|---|

**NILSONS REVISJONSKONTOR A/S**

Storgt. 69 | Postboks 117
Bankforbindelse | 2882 Dokka
Etnedal Sparebank | Telefon 61 11 25 70
2140 04 01648 | Telefax 61 11 19 74
Revisornr. 988 913 081 | post@nilsonsrevision.no

Medlem i Den norske revisorforening
Autorisert regnskapsførerselskap

UAVHENGIG REVISORS BERETNING
Til årsmøtet i Studieforbundet kultur og tradisjon

## Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

*Konklusjon*

Vi har revidert foreningen Studieforbundet kultur og tradisjon' årsregnskap som viser et overskudd på kr 108 539. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2017, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettvisende bilde av foreningens finansielle stilling per 31. desember 2017, og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

*Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i *Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av foreningen slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

*Styrets ansvar for årsregnskapet*

Styret (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettvisende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til foreningens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avviklet.

*Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger

**Uttalelse om øvrige lovmessige krav**

*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av foreningens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

DOKKA, 30. mars 2018

Nilsons Revisjonskontor AS

Bård Axel Nilson
Statsautorisert revisor



SITTEDANS PÅ LILLEHAMMER


LØFT STOLENE
NÅR DE SKAL
FLYTTES
IKKE DRA DEM



*Det skal vera mogleg for alle
som bur i Noreg å gjere seg
kjent med og lære kulturuttrykk
og folkelege tradisjonar i
skapande og trygge fellesskap*

Studieforbundet kultur og tradisjon
Vågåvegen 35, 2680 Vågå
tlf 61 21 77 50 · post@kulturogtradisjon.no
www.facebook.com/kulturogtradisjon
www.kulturogtradisjon.no

# Framlegg budsjett 2019

## Studieforbundet kultur og tradisjon

| | Rekneskap 2017 | (reviderte) Budsjett 2018 | Framlegg Budsjett 2019 |
|---|---|---|---|
| **DRIFTSINNTEKTER** | | | |
| Opplæringstilskot Kompetanse Norge, Kunnskapsdeparte | 17 249 042 | 17 490 000 | 18 263 634 |
| Tilretteleggingstilskot Kompetanse Norge | 313 348 | 360 000 | 300 000 |
| Grunntilskot kompetanse norge | 1 500 000 | 1 500 000 | 1 500 000 |
| Bunadopplæringa | 541 190 | 420 000 | 420 000 |
| Vevopplæringa | 225 830 | 175 000 | 175 000 |
| Trebåtbyggjaropplæringa | 126 000 | 215 000 | 215 000 |
| Norsk folkeleg dans | 0 | 100 000 | 100 000 |
| Justisdepartementet, kurs i fengsel | 100 000 | 0 | 100 000 |
| Prosjekt teaterinstruktøropplæring | 675 000 | 400 000 | 150 000 |
| Oppland fylkeskommune, integrering | 100 000 | 0 | 0 |
| TREseminaret | 600 580 | 500 000 | 500 000 |
| Kompetanse pluss - frivillig, VOX | 152 400 | 350 000 | 50 000 |
| Andre inntekter | 598 562 | 707 018 | 350 000 |
| SUM DRIFTSINNTEKTER | **22 181 952** | **22 217 018** | **22 123 634** |
| | | | |
| **DRIFTSKOSTNADER** | | | |
| Lønn/ honorar | 3 529 669 | 3 725 000 | 3 360 000 |
| Avskrivingar | 38 906 | 61 800 | 40 000 |
| Andre driftskostnader | 1 180 517 | 1 161 292 | 1 062 000 |
| Reise/ møtekostnader | 709 947 | 624 000 | 665 000 |
| Kurstilskot | 12 597 922 | 13 350 000 | 13 500 000 |
| Tilretteleggingstilskot | 351 446 | 450 000 | 450 000 |
| Kompetansehevingstilskot | 1 183 400 | 1 185 000 | 1 215 000 |
| Bunadopplæringa | 427 190 | 360 000 | 400 000 |
| Vevopplæringa | 313 716 | 175 000 | 175 000 |
| Trebåtbyggjaropplæringa | 130 973 | 170 000 | 100 000 |
| Norsk folkeleg dans | 0 | 100 000 | 100 000 |
| Prosjekt teaterinstruktøropplæring | 724 098 | 300 000 | 150 000 |
| Andre prosjekt | 217 336 | 84 926 | 195 000 |
| TREseminaret | 600 580 | 500 000 | 500 000 |
| Kompetanse pluss - frivillig, VOX | 141 325 | 280 000 | 50 000 |
| **SUM DRIFTSKOSTNADER** | **22 147 025** | **22 527 018** | **21 962 000** |
| **DRIFTSRESULTAT** | **34 927** | **-310 000** | 161 634 |
| | | | |
| **FINANSKOSTNADER/ FINANSINNTEKTER** | | | |
| Bankomkostningar | 0 | - | 0 |
| Renteinntekter | 73 612 | 60 000 | 70 000 |
| **SUM FINANSKOSTNADER/ FINANSINNTEKTER** | **73 612** | **60 000** | 70 000 |
| | | | |
| **RESULTAT** | **108 539** | **-250 000** | **231 634** |

**Kompetansehevingstilskudd til medlemsorganisasjonene.**

| | 2017 | 2018 | 2019 |
|---|---|---|---|
| Folkeakademienes landsforbund | 21 088 | 20 441 | 14 434 |
| Forbundet KYSTEN | 26 271 | 34 104 | 40 447 |
| Frilynt Norge | 175 605 | 195 655 | 215 772 |
| HATS | 29 064 | 26 674 | 27 836 |
| Landslaget for lokalhistorie | 3 030 | 3 034 | 3 147 |
| NATF | 90 270 | 87 109 | 79 959 |
| Noregs Mållag | 426 | 319 | 984 |
| Noregs Ungdomslag | 126 103 | 118 844 | 123 724 |
| Norges Husflidslag | 484 851 | 479 522 | 489 584 |
| Norsk Kulturarv | 13 195 | 12 999 | 12 478 |
| Norsk målungdom | 59 | 95 | 36 |
| Norsk Quilteforbund | 5 870 | 5 593 | 5 079 |
| Seniordans Norge | 190 953 | 185 654 | 189 698 |
| Slekt og data | 5 905 | 6 150 | 6 294 |
| Vestlandske Teatersenter | 10 710 | 8 733 | 5 528 |
| **sum** | **1 183 400** | **1 184 926** | 1 215 000 |

**Forventet utvikling kurstimer**

| | 2016 | 2017 | budsjett 2018 | budsjett 2019 |
|---|---|---|---|---|
| Båtlaget Braute | 347 | 429 | 350 | 400 |
| Fagurmarkerne i Norge | 10 | 0 | 30 | 0 |
| Fantasiforbundet | 83 | 80 | 100 | 100 |
| Folkeakademienes landsforbund | 2 692 | 1 095 | 3 000 | 2 000 |
| Forbundet KYSTEN | 5 554 | 5 059 | 6 000 | 6 000 |
| Fortidsminneforeningen | 65 | 179 | 100 | 200 |
| Frilynt Norge | 29 412 | 27 212 | 31 000 | 31 000 |
| Hålogaland Amatørteaterselskap (HATS) | 3 632 | 3 672 | 3 800 | 3 900 |
| Internasjonalistene | 56 | 0 | 50 | 0 |
| Knipleforeningen i Norge | 0 | 135 | 50 | 150 |
| Landslaget for lokalhistorie | 337 | 491 | 400 | 500 |
| Landslaget for Motorhistoriske Kjøretøyklubber | 0 | 0 | 50 | 0 |
| Memoar | 0 | 51 | 0 | 100 |
| Noregs Mållag | 102 | 156 | 150 | 150 |
| Noregs Ungdomslag | 16 315 | 16 154 | 17 000 | 16 500 |
| Norges Husflidslag | 63 250 | 65 226 | 63 500 | 65 000 |
| Norges museumsforbund | 0 | 116 | 50 | 150 |
| Norsk Amatørteaterforbund | 10 718 | 10 264 | 11 000 | 11 000 |
| Norsk Folkedraktforum | 40 | 61 | 50 | 100 |
| Norsk Forening for Fartøyvern | 0 | 0 | 600 | 100 |
| Norsk Forening for Kulturhistorisk Sverdfekting | 0 | 0 | 50 | 0 |
| Norsk Målungdom | 10 | 0 | 50 | 50 |
| Norsk Kulturarv/Senter for bygdekultur | 1 608 | 1 667 | 2 000 | 1 800 |
| Norsk Quilteforbund | 652 | 681 | 700 | 700 |
| Norsk Selskap For Fotografi | 34 | 57 | 50 | 50 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Norske Kveners Forbund/Ruijan Kveeniliitto | 0 | 0 | 50 | 0 |
| Organisasjon for scenekjempere i Norge | 123 | 80 | 150 | 150 |
| Oslo amatorbryggerlaug | 33 | 0 | 50 | 50 |
| Rosegården Teaterhus | 0 | 0 | 50 | 0 |
| Samenes Folkeforbund | 0 | 0 | 50 | 0 |
| Seniordans Norge | 24 298 | 25 482 | 24 500 | 25 000 |
| Slekt og Data | 803 | 847 | 900 | 900 |
| Studieforbundet | 927 | 1 015 | 950 | 1 000 |
| Vestlandske Teatersenter | 847 | 603 | 850 | 700 |
| Vestnorsk kulturakademi | 459 | 127 | 450 | 250 |
| Vikinglaga i Norge | 347 | 622 | 500 | 700 |
| **Totalt** | **162 754** | **161 561** | **168 630** | **168 700** |

# Studieforbundet kultur og tradisjon

Vedtekter vedteke på årsmøtet 23.05 2017 (nynorsk)

## §1. FORMÅL

1. Det skal vera mogleg for alle som bur i Noreg å bli kjent med og å lære kulturuttrykk og folkelege tradisjonar i skapande og trygge fellesskap.
2. Studieforbundet kultur og tradisjon set det skapande mennesket i sentrum ved å legge til rette for:
   - personleg utvikling og læring på eigne premiss
   - oppleving av levande kulturtradisjonar
   - bevisstgjering om mennesket som ein del av ein økologisk heilskap
   - erfaring med demokratisk organisasjonspraksis

## § 2. VERKSEMDSIDÉ

1. Studieforbundet kultur og tradisjon skal organisere og legge tilhøva til rette for folkeopplysing og opplæring i medlemsorganisasjonane innanfor ramma av Lov om Voksenopplæring.
   Hovudkontoret for Studieforbundet kultur og tradisjon ligg i Vågå kommune.

## §3. MEDLEMSKAP

1. Medlemmar i Studieforbundet kultur og tradisjon er ideelle organisasjonar som arbeider i samsvar med formål og verksemdsidé til Studieforbundet kultur og tradisjon. For å bli medlem, må organisasjonane vera demokratisk oppbygde og ha kursaktivitet med minst 500 kurstimar i snitt dei siste tre åra.

2. Søknadar om medlemskap blir avgjort av årsmøtet.

3. Medlemsorganisasjonar som ikkje har hatt kurs i dei siste tre åra vil misse sin status som medlemmar. Det er årsmøtet som tek avgjerda, etter innstilling frå styret.

4. Organisasjonar som ønskjer å melde seg ut av Studieforbundet kultur og tradisjon på eige initiativ må gjere dette skriftleg innan 1. februar året før medlemsskapet er omme.

5. Ved misleghald/misbruk av offentlege midlar, eller brot på reglar og vedtekter til forbundet, kan vedkommande organisasjon ekskluderast. Eksklusjon blir avgjort av årsmøtet.

6. Organisasjonar som har færre kurstimar enn 500 i snitt dei siste tre åra, kan søkje om samarbeidsavtale. Styret handsamar søknadar om samarbeidsavtale eller opphøyr av slike avtalar.

## §4. ÅRSMØTET

1. Studieforbundet kultur og tradisjon sitt høgaste organ er årsmøtet.

2. Medlemsorganisasjonane nemner opp delegat med vara til årsmøtet. Stemmene blir vekta etter kurstimar rapportert til Kompetanse Norge.

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 0 | - | 5.000 | - | 1 stemme |
| 5.001 | - | 15.000 | - | 2 stemmer |
| 15.001 | - | 30.000 | - | 4 stemmer |
| 30.001 | - | 45.000 | - | 6 stemmer |
| 45.001 | - | | - | 9 stemmer |

Styret møter på årsmøtet med tale- og forslagsrett, men har ikkje stemmerett. Organisasjonar med samarbeidsavtale har møte- og talerett på årsmøtet.

3. Årsmøtet blir halde innan utgangen av mai månad. Organisasjonane skal ha varsel om tidspunkt og stad for årsmøtet innan 1.mars og seinast to månader før møtet blir halde. Sakspapir til årsmøtet skal vera utsenda seinast 4 veker før møtedato.
Årsmøtet handsamar følgjande saker:
    1. Styrets årsmelding
    2. Revidert rekneskap
    3. Søknadar om medlemskap
    4. Strategi og verksemdsplan
    5. Budsjett med fastsetting av kontingent
    6. Innkomne forslag og ev. vedtektsendringar
    7. Saker frå styret
    8. Val
        a. Styret etter fastsett turnus jf § 5.2
        b. Statsautorisert/registrert revisor for 1 år
        c. Valkomité jf § 6
4. Forslag til årsmøtet frå medlemsorganisasjonane skal vera styret i hende seinast to månadar før årsmøtet eller til den frist styret set. Sjå elles § 10 om forslag til vedtektsendringar.
5. Ekstraordinært årsmøte blir innkalla av styret, eller når 1/3 av medlemsorganisasjonane krev det. Medlemsorganisasjonane må få varsel om ekstraordinært årsmøte med frist på fire veker. Saksdokument må sendast seinast to veker før møtet.

## §5. STYRET

1. Styret består av sju medlemmar med to varamedlemmar. Styremedlemmane blir vald for to år.
2. Leiar og nestleiar blir vald ved særskilde val, og skal vera på val kvart sitt år. Varamedlemmane blir vald for eitt år om gongen.
3. Styret er utøvande organ for Studieforbundet kultur og tradisjon, og skal utvikle drifta med basis i § 1 Formål og § 2 Verksemdsidé og årsmøtets vedtak. Styret skal ha minst fire møter i året.
4. Styret er vedtaksført når over halvparten av styret er til stades. Avgjerslene gjer styret ved vanleg fleirtalsvedtak. Ved stemmelikheit har styreleder dobbeltstemme.
5. Dagleg leiar er sekretær for styret og møter i styret med tale- og forslagsrett.
6. Styret kan nemne opp arbeidsutval og særskilte utval. Styret har arbeidsgjevaransvar.

## §6. VALKOMITEEN

Valkomiteen består av tre medlemsorganisasjonar der ein organisasjon er på val kvart år.
Medlemsorganisasjonane vel sjølv kven dei vil vera representert med i valkomiteen.
Styret kan utarbeide arbeidsskildring for valkomiteen.

## §7. MÅLFORM

Studieforbundet kultur og tradisjon nyttar dei to målformene i organisasjonen, og skal veksle mellom målformene så dei blir brukt omtrent like mykje. Verksemdsplanen skal innehalde eit punkt om korleis ein skal oppnå denne likestillinga.

## §8. STUDIEFORBUNDET KULTUR OG TRADISJON I FYLKA

1. Studieforbundet kultur og tradisjon skal ha fylkesledd i alle fylke der Studieforbundet kultur og tradisjon eller medlemsorganisasjonane arrangerer vaksenopplæring/studieringar.
2. Studieforbundet kultur og tradisjon i fylka arbeider i samsvar med vedtektene for Studieforbundet kultur og tradisjon i fylka, og arbeidsplaner i Studieforbundet kultur og tradisjon vedteke av årsmøtet. Dersom

eit fylkesledd i Studieforbundet kultur og tradisjon ønskjer avvik frå mønstervedtektene for fylkesledda, skal dette godkjennast av styret i Studieforbundet kultur og tradisjon.

3. Styret til Studieforbundet kultur og tradisjon kallar inn representantar frå fylkesleddet etter behov.

## § 9. VEDTEKTSENDRINGAR

1. Framlegg til endring av vedtektene må sendast innan 1. januar. Styret må sende dei innkomne framlegga til medlemsorganisasjonane seinast to månader før årsmøtet.
2. Vedtektsendring krev 2/3 fleirtal på årsmøtet

## §10. OPPLØYSING

Spørsmål om oppløysing av Studieforbundet kultur og tradisjon kan berre handsamast på årsmøtet. Framlegget må sendast styret innan 1. januar. Det krev 2/3 fleirtal for at saka skal kunne visast til endeleg handsaming på eit ekstraordinært årsmøte, halde innan tre månader. Vedtak om oppløysning krev 3/4 fleirtal.

Det skal være mulig for alle som bor i Norge å bli kjent med og lære kulturuttrykk og folkelige tradisjoner i skapende og trygge fellesskap.

| Kurs og opplæring | Kvalitet og utvikling | Drift og organisasjon | Synliggjøring og politikk |
|---|---|---|---|
| Studieforbundet skal ha vekst i kurstilbudet og ha en mangfoldig målgruppe med et tilrettelagt kurstilbud.<br><br>Medlemsorganisasjonene skal være bevisst ansvaret sitt for utvikling av gode kurs, kurslærere og kursarrangører. | Studieforbundet skal kvalitetssikre opplæringen og ha et kontinuerlig faglig og metodisk utviklingsarbeid.<br><br>Medlemsorganisasjonene skal være bevisst eget opplæringsarbeid og bidra til å utvikle dette. | Studieforbundet skal ha en brukerorientert og effektiv drift med tilrettelagte verktøy og strukturer.<br><br>Medlemsorganisasjonene skal være sterkt medvirkende i utviklingen av Studieforbundet. | Studieforbundet skal synliggjøre egen og medlemsorganisasjonenes faglige egenart og samfunnsnytten av opplæring.<br><br>Studieforbundet skal ha styrket sitt politiske nettverk og være en synlig aktør for styresmaktene regionalt og nasjonalt. |
| **I 2020 skal Studieforbundet:**<br>Ha flere og mer kvalifiserte kurslærere og kursarrangører.<br><br>Ha arrangører og kurs i 85% av landets kommuner<br><br>Være supplement til offentlig utdanning på utvalgte områder, og ha flere tilbud i samarbeid med medlemsorganisasjonene<br><br>Ha økt andelen kurs som utløser tilretteleggingstilskudd til mer enn 100 kurs årlig.<br><br>Ha tilbud om minst ett kurs i hvert fylke med innvandrere og flyktninger<br><br>Flere kurs under ordningen "Kompetanse pluss frivillig" i samarbeid med lokale kursarrangører | **I 2020 skal Studieforbundet:**<br>Ha utviklet nye kurstilbud innenfor utvalgte områder i samarbeid med medlemsorganisasjonene.<br><br>Ha deltatt i faglig utviklingsarbeid på utvalgte områder i samarbeid med medlemsorganisasjonene<br><br>Være til stede for medlemsorganisasjonene i opplæringsspørsmål.<br><br>Ha strategisk bruk av kompetansehevingstilskuddet<br><br>Ha et tilpassa og tydelig tilskuddssystem.<br><br>Ha nærhet til kursarrangører, kurslærere og kursdeltakere og ha systematisk kvalitetssikring av eget arbeid | **I 2020 skal Studieforbundet:**<br>Ha åpent og tilgjengelig kontor<br><br>Være aktiv og tilstede på medlemsorganisasjonenes møtearenaer<br><br>Ha et brukervennlig kurs-, kommunikasjons- og rapporteringssystem, internt og eksternt.<br><br>Ha et tilpassa og effektivt system for utvikling av studieplaner<br><br>Ha funksjonell organisering i alle fylker i tråd med regionprosessen i VOFO. | **I 2020 skal Studieforbundet:**<br>Bidratt til at medlemmene i kultur- og utdanningskomiteene på Stortinget kjenner til Studieforbundet og medlems-organisasjonene sitt opplæringsarbeid.<br><br>Ha styrket offentlig finansiering<br><br>Ha styrket forholdet mellom Studieforbundet og medlemsorganisasjonene på politikkområdet.<br><br>Opprettholde vår sterke profil og være en tydelig stemme som opplæringsaktør for kulturfrivilligheten.<br><br>Være en attraktiv samarbeidspartner i aktuelle interessepolitiske og faglige nettverk. |